

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 30. mai 2017
Tid: kl. 18.00
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert i sakene 11-12/17.

Medlemmer kan møte opp kl. 17.30 for å få hjelp/opplæring i å føre reiserekning, køyrebok og andre utlegg elektronisk. (Husk å registrere dere i forkant.)


Saksliste:

- 10/17 Godkjenning av protokoll frå møte 07.02.17
- 11/17 Orientering frå administrasjonen – teknisk sjef
- 12/17 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2016
- 13/17 Prosjektplan for forvaltningsrevisjon – «Økonomistyring»
- 14/17 Referat- og orienteringssaker 30.05.17

Eventuelt

Aksdal, 23.05.17

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert)
	Varamedlemmer	(til orientering)
	Presse/publikum	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.05.17	10/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.02.17

Vedlegg: Protokoll fra møtet 07.02.17

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 07.02.17 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og blei oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 07.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 23.05.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 7. februar 2017 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiding av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Kårstørommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.55
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP), Åse Paulsen (A) og Karsten A. Larsen (FrP)
MØTANDE VARAMEDLEM	1. varamedlem Marit Hølland Gjedrem (Sp)
FORFALL:	Linda Ånderå Bokn (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud og Bjerg Rabbe Sandven, KPMG, Bergen til sak 8
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Sigmund Lier (A) i sak 6 og 2, økonomisjef/ass. rådmann Tor Leif Helgesen t.o.m. sak 7, leiar politisk sekretariat Liv Jorunn Frønsdal i sakene 3-5, omsorgssjef Annbjørg Lunde i sak 2 og skulesjef Eli Krokedal i sak 6
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkjefølgja: 1, 6, 2, 3, 4, 5, 7, 8 og 9

Utvalsleier ønskte ordførar, nytt medlem Øyvind Hellerslien og forvaltningsrevisorane særskilt velkomne, då det var fyrste gong dei møtte i utvalet.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.11.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 15.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 15.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/17 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - OMSORGSSJEFEN

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek omsorgssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Utvalsleiar ønskte omsorgssjefen velkommen med å vise til presseoppslaget «Tysvær - best i helse» (nr 1 på Kommunebarometeret 2015). Etter hennar syn var det ikkje sikkert at slike målingar målte det som var det viktigaste. Omsorgssjefen orienterte så om sitt resultatområde (ein av seks) gjennom sin presentasjon på lysark.

Organisatorisk er området delt inn i tre seksjonar. Den sysselsetter 260 tilsette, fordelt på 165,5 årsverk. Bruttobudsjett er på 113 mill.kr, som utgjer 14 % samla budsjett. Ho viste til mål og visjonar, «gode tenester i ein bærekraftig økonomi», nøkkeltal og omstillinga i 2015 med mellom anna etablering av tildelingskontor. Det er no meir brukarfokus enn før.

Av utfordringar blei det nemnd volumauke, kvalitet i tenestene, unngå «hjelpfella», BPA (brukarstyrt personlig assistent), fleire heiltidsstillingar (deltok i eit KS-prosjekt) blant mange andre. Utvalet stilte spørsmål om pågåande brukarundersøking og såg fram til å få veta resultat og samanlikna. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17:

Tysvær kontrollutval tek omsorgssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 3/17 TILBAKEMELDING – RUTINAR, DELEGASJONSREGLEMENT M.M.

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 30.01.17 om rutinar, delegasjonsreglement m.m. orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Spørsmålet som var oversendt frå kontrollutvalet var svært vidtrekkande, og administrasjonen hadde svart ut frå så langt dei var kome med sitt arbeid. Nytt delegeringsreglement blei lova lagt fram til politisk handsaming i vår. Leiar politisk sekretariat presenterte det nye systemet som er innkjøpt. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 30.01.17 om rutinar, delegasjonsreglement m.m. orientering.

**SAK 4/17 TILBAKEMELDING – RUTINAR RUNDT POSTLISTAR,
PUBLISERING OG UTSENDING AV SAKER**

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 30.01.17 om rutinar rundt postlister, publisering, utsending av politiske saker m.v. til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Leiar politisk sekretariat supplerte med kommentarar. Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 30.01.17 om rutinar rundt postlister, publisering, utsending av politiske saker m.v. til orientering.

**SAK 5/17 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT
«INTERNKONTROLL»**

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Internkontroll» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Utvalsleiar innleia og viste til at rapporten hadde peika på vesentlege manglar. Mange av tilrådingane var ikkje retta opp, men planar for dette var lagt. Han gjorde framlegg om ny innstilling i tre punkter med frist for ny tilbakemelding. Utvalet støtta hans framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17 og innstilling til kommunestyret:

1. *Tysvær kommunestyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Internkontroll» til førebels orientering.*
2. *Kommunestyret har merka seg at dei påpeika manglane ikkje er retta opp, men at planar for dette er lagt, og at forbetringar er under arbeid.*
3. *Kommunestyret ber om at ny statusrapport blir lagt fram innan 1. mars 2018 via kontrollutvalet.*

**SAK 6 /17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «KVALITET I OPP-
LÆRINGA I SKULANE I TYSVÆR»**

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane – Tysvær kommune» og tek denne til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Utvalsleiar meinte rapporten var ein sær s viktig rapport. Forvaltningsrevisor Sandven presenterte hovudtrekka og revisor sine vurderingar og tilrådingar. I følgje deira funn var det inga negativ effekt som følgje av innsparingane, og skulane fant nytta verktøy nyttige.

Utvalet stilte spørsmål til utvalskriteria i forhold til val av involverte skular (7 av 8), kunne det vore eit betre alternativ med færre skular, men involvere fleire lærarar, i tillegg til rektorane, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag.

Forvaltningsrevisor Fundingsrud meinte dei kunne valt færre skular, men då ville ein ha fått svar som berre gjaldt dei undersøkte. Tilnærmingemetodane burde vore betre diskutert i forkant.

I drøftingane kom ein vidare inn på om problemstillingane utvalet ønskte svar på kunne vore endå meir presise og konkrete, noko som også ordføraren støtta.

Utvalsleiar gjorde framlegg om ny innstilling i tre punkt som inneheldt krav om oppfølging og tilbagemelding. Ved votering mellom sekretariatet si innstilling og nytt framlegg fall innstillinga og utvalsleiar sitt framlegg blei vedtatt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17 og innstilling til kommunestyret:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane i Tysvær» og tar denne til førebels orientering.*

Kommunestyret konstaterer at det blir arbeidd godt innan alle satsingsområda i skulen. Rapporten viser samtidig at det også er forbettringspotensiale innan resultatoppnåing og systematikk.

2. *Rapporten blir med dette oversendt til rådmannen for oppfølging i forhold til revisjonen sine tilrådingar, med formål om best mogleg oppnåing av måla som er vedtatt i gjeldande Strategiplan for 2016-2020 og vedtekne mål i forhold til tilstandsrapporten.*
3. *Rådmannen gjer tilbagemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan 1. desember 2017.*

SAK 7/17 VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – LEVERING I 2017

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til møtet i mai 2017.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Utvalsleiar viste til vedtatt plan kor «Økonomistyring» er neste prosjekt på prioriteringslista. Utvalet drøfta nytte-kost-effekt av eit slik prosjekt og kva som låg i tilnærminga «usikkerheit til framtidig inntektsgrunnlag og realisering av innsparingsvedtak».

Revisor gjorde greie for kva forvaltningsrevisjon er og meinte utvalet sjølv kunne be rådmannen om ein utgreiing om konsekvensar. Utvalet kom med innspel til andre prosjekt frå den uprioriterte lista, men valte å gå for prosjekt nr 2 på lista. Revisor noterte innspel, og meinte dei ville kunne presentere ein prosjektplan til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomistyring" til møtet i mai 2017 på bakgrunn av dei drøftingane som var i møtet.

SAK 8 /17 ÅRSMELDING FOR 2016 FRÅ KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2016.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Utvalsleiar gjorde merksam på feil namn på nytt medlem. Elles meinte han at den gav ein god oversikt over aktiviteten. Sekretær hadde retta feilen opp i ny versjon. Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2016 med retting i kap. 2.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 9/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.02.17

1. Statusrapport pr. januar 2017
2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2016
3. K-styrevedtak 13.12.16, sak 93/16 vedk. auke til forvaltningsrevisjon med kr 100.000
4. Årsrapport og skatterekneskap 2016 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
5. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2017
6. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes – munnleg
7. Rapport frå Kontrollutvalskonferansen 1. og 2.02.17 på Gardermoen
8. HIM IKS – protokoll frå representantskapsmøte 01.12.16
9. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 16.12.16

Handsaming i kontrollutvalet 07.02.17:

Sekretær gjorde greie for sakene. Larsen og Paulsen fortalte frå NKRF-konferansen, som dei fant lærerik og interessant. Det mest interessante hadde vore gjennomgangen av korrupsjons-saka i Drammen kommune.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.17:

Kontrollutvalet tar referatsakene 1 - 9 til orientering.


EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag 30. mai 2017, kl. 18.00 (årsrekneskapen 2016 og prosjektplan)

Aksdal, 7. februar 2017

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.05.17	11/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – TEKNISK SJEF

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultatalaområda og stabsfunksjonane i møta framover. Utvalet sette opp følgjande rekkjefølge:

- omsorgssjef,
- personal- og organisasjonssjef,
- skulesjef,
- helse- og førebyggingssjef,
- barnehagesjef,
- teknisk sjef,
- kultursjef,
- plansjef og
- økonomisjef.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Planen blei oversendt rådmannen 14.02.16. Det framgikk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte.

Det blei tidleg gjeve melding om at dei to fyrste inviterte ønskte å bytte dato, slik at personal- og org.sjef **Kristin Helle** møtte i maimøtet og skulesjef **Eli Krokedal** i september 2016. Det var planlagt at omsorgssjef skulle møte i november, men ho varsla at det møtet kolliderte med eit anna møte, så barnehagesjef **Anne-Lise Myrvoll** møtte i november. Omsorgssjef **Annbjørge Lunde** møtte i februar møtet, og no står teknisk sjef **Bjørn Bruaset** for tur i mai.

Det er rådmannen som vel om han også møter eller om teknisk sjef møter som representant for rådmannen. I neste møte vil det bli orientering innen fagfeltet helse- og førebygging eller kultur.

Utvalet blei samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utvalet kunne komme med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg slik at dei inviterte skal kunne førebu seg.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står foran, herunder seie litt om følgjande punkter:

Generelt om (støtte- og) resultateininga

- plassering i organisasjon
- tjenestetilbod
- personale: tal på tilsette, kompetanse, sjukefråver
- økonomi
- samarbeid med dei folkevalde

Tanker om framtida

- tenestebehov/tilbod – utfordringar/endringar
- kompetansebehov
- evaluering/utvikling


Kontroll og tilsyn

- tidlegare forvaltningsrevisjonar. I så fall, kva har disse ført til?

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek teknisk sjef si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 23.05.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.05.17	12/17
Formannskapet	13.06.17	
Kommunestyret	20.06.17	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP FOR 2016

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** frå kontrollutvalet
2. Rekneskapen for 2016 (hovedoversyn for drift og investering og skjemaer)
3. Revisjonsmelding for 2016, dagsett 15.05.17
4. Årsoppgjersbrev 2016 /brev til ledelsen nr 4, dagsett 18.05.17, motteken 24.05.15
5. Økonomisjefen si økonomiske oversyn for 2016
6. Notar 1-26
7. Rådmannen sin årsberetning 2016, dagsett 25.04.17

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følgjer framlegg til uttale, Tysvær kommune sin årsrekneskap for 2016 med notar og revisjonsmelding frå KPMG. Regnskapstala med økonomisk oversyn følgjer i sakskart, medan heile rekneskapen er i eige hefte. Forutan revisor, vil rådmann og økonomisjef delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsregnskapet:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret. Uttalelsen avgis til kommunestyret..

Kopi av uttalelsen skal være formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet behandlar årsberetningen, men denne bør følgje med som vedlegg til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsberetninga og rekneskapen.

Administrasjonen har i år lagt opp eit tidsløp slik at årsberetningen (tidligere kalla årsmelding) var ferdig i april.

Det er lovkrav at kommunestyret skal handsame årsrekneskap og årsberetning i det same møtet. I år er dato for kommunestyremøtet 20. juni. Årsrekneskapen vil bli vedteken etter innstilling frå formannskapet, som skal ha sitt møte 13. juni. Om årsrekneskap og årsmelding står det følgjande i forskrift § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/rapport) blir fulgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Tysvær kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2016 og notar, revisjonsmeldinga, årsoppgjersbrevet, økonomisjefen si økonomiske oversyn og rådmannen sin årsberetning.

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen syner eit positivt **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 80,9 mill. kroner. Dette er 52 mill kr meir enn opphavelge budsjett og 13,1 mill. kr meir enn revidert budsjett.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skyldast at driftsutgiftene viser 25 mill. kr meir enn forventa forbruk, medan driftsinntektene auka med 37 mill. kr.

Netto driftsresultat er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat i 2016, slik det vert ført i kommunerekneskapen pr 11.04.17, blei på 93,8 mill. kr, mot budsjettert med 43,6 mill. kr. Det utgjør **9,2 %**, som er langt over anbefalt nivå for resultatmargin som teknisk beregningsutval meiner kommunane bør ligge på. Landssnittet endte i år også på 4,3 %. I følge TBU bør resultatet vere på minst **1,75 %**. I fjor var det offisielle resultatet for Tysvær 3,1 %. Årets korrigerede driftsresultat ligg, etter fråtrekk for eigedomsskatt til Bokn, i følge økonomisjefen på **8,4 %** (i fjor på 4 % korrigeret).

Rådmannen forklarer Tysvær sin økonomi i 2016 slik:

Tysvær kommune får i 2016 eit netto driftresultat på 88,3 mill.kroner (37,1 mill. kroner i 2015) mot opprinnelig budsjettet 37,2 mill. kroner. Dette gjev eit resultat på heile 8,4 % av brutto driftsinntekter, eit resultat som utvilsomt er heilt i toppen i landet. Den store resultatforbetringa frå 2015, skuldast i hovudsak omtakstering av verk og bruk pr. 1. januar 2016, men også større overføringar frå Staten ved skatteutjamning, betre resultat av drift av tenestene og eit betre rentebilete. Dette blir omtale seiare i årsberetningen.

I budsjettvedtaket for 2016 blei antatt resultat disponert til investeringar i 2016 og til fond for seinare disponering til eigenkapital investeringar. Avviket positivt i forhold til opprinneleg vedtatt budsjett er på heile 51 mill. kroner.

Tala i økonomisk oversyn er ikkje dei same som i skjema 1 A (økonomisk oversyn - drift), då eigedomsskatt samla er ført med kr 186,1 mill. kr, medan det i skjema 1 A er ført opp kr 177,6 mill. kr. Differansen er på 8,5 mill. kr og utgjør då eigedomsskatten til Bokn kommune.

Sum avsetjinger viser i skjema 1 A at det er avsett 68,5 mill. kr, medan bruk av avsetjinger er på 25,6 mill. kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 164,8 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 166,4 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskott) på kr 50.986.13**. Det er desse tala som blir sendt til SSB og registrert i KOSTRA. Det er det største overskotet kommunen har hatt på dei siste 20 åra.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som skal vera med i rekneskapen. Notane, som er utarbeidde til rekneskapen i år, er dei same som i fjor og følger saka i vedlegg 6.

Årsberetning/årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsberetning som skal gje opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

I følgje lova er det krav om at rådmannen også skal skrive noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsmeldinga skal vere klar innan **31. mars**.

I år har rådmannen halde fristen og det er laga ei årsberetning som fyller dei krava som lova sett. Det er gjeve ei god framstilling av den økonomiske situasjonen, herunder også den store usikkerheitsfaktoren når det gjeld eigedomsskatten, litt om status for kommuneplanarbeidet, likestilling og diskriminering, og om arbeidet med internkontrollen og etikk.

Tidlegare handsaming i kontrollutvalet

Utvalet etterlyste i 2014 meir detaljert talmateriale, men det blei vist til at kommunestyret vedtek budsjettet på overordna nivå og at rekneskapen er sett opp på same vis.

Revisor hadde det året levert rein melding, men hadde fleire merknadene knytte til rutinar og manglande dokumentasjon. Økonomisjef meinte merknadene var relevante, men at det ikkje var lett å få ordna alt innan fristen. Utvalet støtta framlegg til uttale og frist for tilbakemelding.

Økonomiavdelinga jobba så med å få betre rutinar/system og dokumentasjon, og dette viste att i rapporten frå revisor i 2015. Revisor og økonomisjef meinte samtalene i 2014 hadde vore nyttige. På bakgrunn av svara i møtet blei utvalet samd i ikkje å sette frist for tilbakemelding.

I 2014 var det også debatt om «rett» driftsresultat-omgrep. Økonomisjefen meinte sekretariatet sin framlegg til uttale ville gje feil melding til politikarane om det økonomiske handlingsrommet. Revisor opplyste at han gav melding på grunnlag av tala frå Visma sitt økonomisystem og at det var desse tala som ville bli vidare rapportert til SSB.

Utvalet vart samd i at det i uttalen skulle skrivast følgjande: *x % eller korrigert netto driftsresultat med xx mill. kr, som utgjer x % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).*

I fjor blei same formulering tatt inn i uttalen og sekretariatet legg i år inn det same i framlegget til uttale.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev/rapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har også i år lagt fram si revisjonsmelding **etter** lovfastsett frist. Revisor har komme med såkalla rein melding, dvs utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at: *"Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Tysvær kommune per 31. desember 2016, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge".*

Årsoppgjersbrev/rapport

Et årsoppgjersbrev/rapport frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga. Tidlegare har revisor tatt opp måten kommunen berekner avdrag på lån (brot på anordningsprinsippet). Kommunen har nytta ein justert forenkla formel som ikkje er i tråd med KRS 3 pkt 3.2 nr 2.

Revisor har i år varsla at dei vil kome med eit årsoppgjersbrev, men kopi av brevet blei ikkje sendt sekretariatet før 24.05.17.

I brevet er det frå revisor komme to innspill/ kommentarer til kommunen si leiing. Det eine gjeld avsetningar til disposisjonsfond, kor revisor peikar på at administrasjonen ikkje har mynde til å foreta disposisjonar utover budsjett vedtatt av kommunestyret.

Det andre gjeld investeringsrekneskapen kor kravet til årleg rebudsjettering av flerårige investeringsprosjektar ikkje er etterlevd.

Årsoppgjersbrevet/rapporten, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet eventuelt må gjere etter forskrift § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på rapporten. Sekretariatet vil gjere framlegg om at det blir gjort, men utvalet kan trekke dette punktet i møtet dersom utvalet er nøgd med dei svara som blir gjeve i møtet.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må også vurdere om det er fleire forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskapen 2016 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skrifleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september 2017 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Aksdal, 24.05.17



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

①

Til
Tysvær kommunestyre

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2016

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 30.05.17, sak 12/17 handsama Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2016. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, dagsett 11.04.17, revisjonsmeldinga, dagsett 15.05.17, årsoppgjersbrev/rapport dagsett 23.05.17, økonomisjefen si økonomiske oversyn og rådmannen si årsberetning for 2016. I tillegg har økonomisjef og revisor supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 51 mill. kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 93,8 mill. kr, som utgjer 9,2 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 88,3 mill. kr, nær 8,4 % av driftsinntektene inklusiv renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2016, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2016 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2016.

Aksdal, 30. mai 2017

Arne Gjerde
Utvalsleiar

Kopi: Formannskapet

Økonomisk oversikt - drift

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2017

11.04.2017

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	32.484.774,19	33.014.506,82	33.578.699,00	32.324.707,55
Andre salgs- og leieinntekter	65.045.745,72	64.646.726,54	61.526.300,00	64.428.296,06
Overføringer med krav til motytelse	118.149.190,34	113.417.977,79	62.020.470,00	121.045.918,85
Rammetilskudd	319.652.198,00	306.465.000,00	306.465.000,00	295.223.088,00
Andre statlige overføringer	25.829.984,00	23.336.238,00	16.642.000,00	19.087.063,50
Andre overføringer	623.605,26	623.605,26	0,00	567.950,00
Skatt på inntekt og formue	263.999.755,80	269.400.000,00	269.400.000,00	255.554.953,00
Elendommsskatt	186.145.595,50	163.900.000,00	163.900.000,00	148.645.014,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	1.011.930.848,81	974.804.054,41	913.532.469,00	936.876.990,96
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	531.234.561,63	538.889.866,75	506.517.706,00	517.873.110,49
Sosiale utgifter	137.911.179,48	139.097.537,79	136.036.538,00	135.559.634,29
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	106.317.484,27	103.863.012,61	90.756.119,00	105.587.087,82
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	67.145.384,68	63.973.083,04	58.460.608,00	64.705.950,22
Overføringer	53.529.613,27	59.411.715,67	58.605.154,00	52.255.438,33
Avskrivninger	39.864.231,00	6.442.000,00	6.442.000,00	36.382.840,00
Fordelte utgifter	-4.997.294,47	-4.739.392,41	-4.630.000,00	-4.468.667,46
Sum driftsutgifter	931.005.159,86	906.937.823,45	852.188.125,00	907.895.393,69
Brutto driftsresultat	80.925.688,95	67.866.230,96	61.344.344,00	28.981.597,27
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	18.248.704,97	13.650.000,00	13.650.000,00	15.312.133,69
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	2.435.432,35	1.756.000,00	1.750.000,00	2.109.330,95
Sum eksterne finansinntekter	20.684.137,32	15.406.000,00	15.400.000,00	17.421.464,64
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	18.616.900,36	17.048.560,31	17.000.000,00	18.674.707,67
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	28.999.880,00	29.000.000,00	29.000.000,00	27.000.019,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	47.616.780,36	46.048.560,31	46.000.000,00	45.674.726,67
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-26.932.643,04	-30.642.560,31	-30.600.000,00	-28.253.262,03
Motpost avskrivninger	39.864.231,00	6.442.000,00	6.442.000,00	36.382.840,00
Netto driftsresultat	93.857.276,91	43.665.670,65	37.186.344,00	37.111.175,24
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	15.189.851,82	15.189.851,82	0,00	5.165.614,92
Bruk av disposisjonsfond	4.412.295,04	4.238.808,34	990.000,00	5.118.210,23
Bruk av bundne fond	6.029.713,03	5.268.413,03	1.766.360,00	3.813.503,92
Sum bruk av avsetninger	25.631.859,89	24.697.073,19	2.756.360,00	14.097.329,07
Overført til investeringsregnskapet	8.782.941,83	30.275.315,75	29.210.000,00	3.440.123,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	56.464.277,52	34.908.684,48	10.577.764,00	30.830.710,83
Avsatt til bundne fond	3.255.604,61	3.178.743,61	154.940,00	1.747.818,66
Sum avsetninger	68.502.823,96	68.362.743,84	39.942.704,00	36.018.652,49
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	50.986.312,84	0,00	0,00	15.189.851,82



Økonomisk oversikt - investering

1 TYSVÆR KOMMUNE - 2017

11.04.2017

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1.763.734,00	23.500.000,00	23.500.000,00	4.653.174,63
Andre salgsinntekter	14.250,00	0,00	0,00	5.850,00
Overføringer med krav til motytelse	557.267,55	10.650.000,00	10.650.000,00	6.050.817,01
Kompensasjon for merverdavgift	15.450.246,45	0,00	0,00	15.783.313,24
Statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	215.559,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	4.800.000,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	17.785.498,00	34.150.000,00	34.150.000,00	31.508.713,88
Utgifter				
Lønnsutgifter	4.504.808,60	6.600.000,00	6.100.000,00	4.401.041,54
Sosiale utgifter	1.113.026,23	0,00	0,00	1.089.279,10
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	142.352.867,10	153.619.843,75	153.950.000,00	102.802.905,22
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	500.000,00	0,00	0,00	60.684,80
Overføringer	16.332.613,00	0,00	0,00	15.866.591,17
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	164.803.314,93	160.219.843,75	160.050.000,00	124.220.501,83
Finansstransaksjoner				
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	11.086.000,00	15.000.000,00	15.000.000,00	10.470.315,00
Kjøp av aksjer og andeler	2.162.064,00	1.500.000,00	1.500.000,00	1.688.278,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	6.169.585,00	0,00	0,00	14.876.051,00
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	19.417.649,00	16.500.000,00	16.500.000,00	27.014.644,00
Finansieringsbehov	166.435.465,93	142.569.843,75	142.400.000,00	119.726.431,95
Dekket slik:				
Bruk av lån	126.712.873,00	114.890.000,00	114.890.000,00	86.798.113,00
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	4.087.064,10	0,00	0,00	4.290.862,84
Overført fra driftsregnskapet	8.782.941,83	27.599.843,75	27.510.000,00	3.440.123,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	3.135.887,00	80.000,00	0,00	13.511.123,11
Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	23.716.700,00	0,00	0,00	11.686.210,00
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	166.435.465,93	142.569.843,75	142.400.000,00	119.726.431,95
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Rekneskapsskjema 1 A**Inntektsoversyn med fordeling**
(tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Skatt på inntekt og formue	269 400	264 000	255 555
Rammetilskott - innteksutj.	19 500	32 400	16 662
Rammetilskott - innb.tilskudd	249 965	248 600	242 120
Rammetilskott utgiftsutjamning	32 500	33 800	30 484
Eigedomsskatt	154 900	177 600	141 935
Skjønnsmidler	4 500	4 400	5 800
Momskompensasjon drift	16 500	16 500	16 662
Tap fordringar			
Sum frie disponible inntekter	747 265	777 300	709 218
Renteinntekter og utbytte	18 700	17 000	14 220
Rente - og avdragkompskompensasjon *	3 500	10 300	10 334
Renteutgifter	(17 000)	(18 500)	(19 006)
Avdrag på lån	(29 000)	(29 000)	(27 000)
Netto finansutgifter	(23 800)	(20 200)	(21 452)
Dekning tidl. års underskott			
Avsett bundne fond			
Avsatt disposisjonsfond	(10 278)	(47 000)	(24 394)
Bruk av tidl.års overskott		15 200	5 166
Bruk av bundne fond			
Bruk av ubundne fond			
Netto avsetjinger	(10 278)	(31 800)	(19 228)
Overført til investeringar - drift	(27 510)	(5 500)	(1 772)
Overført til investeringar momskomp.			
Til fordeling	685 677	719 800	666 766
Overskott/underskott	-	(51 000)	(15 190)
Avsatt tap på fordringar			(1 600)
Sum fordelt til resultatområder	685 677	668 800	649 976

Røkneskapsskjema 1 B

**Netto rammer resultat -
områdene**
(tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Til fordeling resultatområder <i>(fra budsjett skjema 1 A)</i>	685 677	665 800	649 733
Fordelt slik:			
Rådmannen sin stab	59 510	58 500	58 305
Fellesutgifter	39 353	25 100	22 520
Resultatområdet barnehage	94 295	92 900	160 395
Resultatområdet skule	161 689	163 400	120 282
Resultatområdet aktivitet og omsorg	107 929	113 500	116 052
Resultatområdet helse og førebygging	140 559	129 900	24 168
Resultatområdet kultur	24 516	25 100	64 377
VAR-området	(13 363)	(13 400)	(12 854)
Resultatområdet teknisk	63 293	65 700	88 579
Kyrkjeleg Fellesråd	7 896	8 100	7 909
Sum fordelt resultatområder	685 677	668 800	649 733

Røkneskapsskjema 2 A**Investeringar med finansiering**
(tal i 1000 kroner)

	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Investeringar anleggsmidler	160 050	164 803	124 220
Utlån	15 000	11 086	10 470
Aksjekjøp	1 500	2 162	1 668
Avdrag på utlån			
Avsetjingar		6 170	14 876
Årets finansieringsbehov	176 550	184 221	151 234
Bruk av lånemidler	114 890	126 713	86 798
Mottatte avdrag utlån		4 087	4 291
Statlege overføringar		-	216
Salg av anleggsmidler	23 500		
Sal næringareal/forskuttert sal	10 650		4 800
Refusjonar			
Tilskott til investeringar			
Andre overføringar			
Sum ekstern finansiering	149 040	130 800	96 105
Refusjonar/overføringar		557	6 050
Salg av driftsmidler og fast eiendom		1 764	4 653
Salg av aksjer		14	6
Overført fra driftsbudsjett	27 510	8 783	3 440
Kompensasjon moms		15 450	15 783
Bruk av disposisjonsfond		3 136	13 511
Bruk av ubundne investeringsfond		23 717	11 686
Sum Intern finansiering	27 510	53 421	55 129
Sum finansiering	176 550	184 221	151 234
Finansieringsbehov - finansiering			
Overskott/underskott	-	-	-



1 TYSVÆR KOMMUNE - 2017

11.04.2017

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Anskaffelse og anvendelse av midler				
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	1.011.930.848,81	974.804.054,41	913.532.469,00	936.876.990,96
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	17.785.498,00	34.150.000,00	34.150.000,00	31.508.713,88
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	151.484.074,42	130.296.000,00	130.290.000,00	108.510.440,48
Sum anskaffelse av midler	1.181.200.421,23	1.139.250.054,41	1.077.972.469,00	1.076.896.145,32
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	891.140.928,86	898.503.634,21	837.323.120,00	871.512.553,69
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	164.803.314,93	160.219.843,75	160.050.000,00	124.220.501,83
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	60.864.844,36	62.548.560,31	62.500.000,00	57.813.319,67
Sum anvendelse av midler	1.116.809.088,15	1.121.272.038,27	1.059.873.120,00	1.053.546.375,19
Anskaffelse - anvendelse av midler	64.391.333,08	17.978.016,14	18.099.349,00	23.349.770,13
Endring i ubrukte lånemidler	-16.712.873,00	0,00	0,00	23.201.887,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	47.678.460,08	17.978.016,14	18.099.349,00	46.551.657,13
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	116.875.779,97	38.087.428,09	10.732.704,00	62.644.432,31
Bruk av avsetninger	52.484.448,89	24.777.073,19	2.756.360,00	39.294.662,18
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	64.391.333,08	13.310.354,90	7.976.344,00	23.349.770,13
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	53.644.467,30	39.281.236,16	39.082.000,00	45.870.553,46
Interne utgifter mv	53.644.467,30	41.956.708,16	40.782.000,00	45.870.553,46
Netto interne overføringer	0,00	-2.675.472,00	-1.700.000,00	0,00



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.05.17
Journalført: 17/2021/tra
Arkivkode: 2/2

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Tysvær kommunes årsregnskap som viser kr 668 667 147 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 50 986 313. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, driftsregnskap og investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Tysvær kommune per 31. desember 2016, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

skatteutjamning, betre resultat på drift av tenestene og eit betre rentebilete. Dette blir omtala seinare i årsberetningen. I budsjettvedtaket for 2016 blei antatt resultat disponert til investeringar i 2016 og til fond for seinare disponering til eigenkapital investeringar. Avviket positivt i forhold til opprinneleg vedtatt budsjett er på heile 51 mill. kroner.

Tysvær sitt netto driftsresultat består i 2016 av desse elementa:

- Overført fra drift til investering 5,6 mill. kroner
- Avsetjingar til fond 31,8 mill. kroner
- Rekneskapsmessig overskott 51,0 mill. kroner

Dette oppsettet viser inn mot vedlagt tabell. Fondsavsetjingar og bruk av fond som gjeld resultatområda er da inkludert i resultatområda sine netto budsjetttrammer. Fondsavsetjingar på 31, 8 mill. kroner gjeld avsetjingar til fond som er budsjettet frå kommunestyret, og avsetjingar til fond midler som ikkje er nytta til investeringar som føresett i vedteke budsjett. Avsette ubrukte midler frå drift til investering, blir avsett til konkrete prosjekter i samsvar med budsjett.

Deler av fondsoverføringane er allereie budsjetttert til investeringar som ikkje blei gjennomført i 2016.

Månads- og tertialrapporteringa gjennom året viste betre driftsresultat enn det som var budsjetttert ved kommunestyret sitt vedtak, men likevel vesentleg mindre enn det sluttresultatet viste. Siste prognose for sluttresultat for året var på 65 mill. kroner ved framlegg av tertialrapport -2.

Rekneskapsmessig overskott viser om kommunen samla har hatt budsjettmessig dekning for dei utgiftene kommunen har hatt, uavhengig av korleis dei er finansiert. Det viser meirinntekter/mindreutgifter utover det resultat som var budsjetttert, og da etter at budsjetterte avsetjingar til fond og til driftsmidlar investeringar er gjennomført. I 2016 får Tysvær eit rekneskapsmessig overskott på heile 51 mill. kroner. Dette er det største overskotet kommunen har hatt dei siste 20 åra. Det er dette overskotet som kommunestyret gjer vedtak om disponering av. Midt på 90-talet hadde Tysvær eit par år med større overskott, då med bakgrunn i bedriftsskatt frå verksemdar på Kårstø.

Med bakgrunn i vedlagt Hovudtabell 2016 blir sentrale deler av rekneskapen for 2016 kommentert i årsberetningen.

Skatt og rammetilskott

Inntektssystemet

Inntektssystemet består av skatteinntekter og inntektsutjamning, innbyggjartilskott og utgiftsutjamning og skjønnsmidler ressurskrevjande brukarar. Samla kjem 581,8 mill. kroner frå inntektssystemet mot opprinneleg budsjetttert 574,4 mill. kroner; ein auke på 7,4 mill. kroner. I sum ovanfor frå inntektssystemet er da skjønnsmidler tildelt frå fylkesmannen til språkdeling halden utanfor jfr. oppsett i hovudtabell. Midler på 400 000 motteke frå fylket til velferdsprosjekt er overført direkte til Haugaland Vekst, og ikkje inkludert i skjønn frå fylket. Årsaken til samla auka inntekter er at skatteinntektene på landsbasis blei vesentleg betre enn det regjeringa la til grunn i statsbudsjett/kommuneproposisjon.

Skatteinntektene var i 2016 på berre 84,1 % av landsgjennomsnittet, som er ein nedgang frå 89 % for 2015 (tilsvarande i 2014 var 91,7 %). Kommunane i Rogaland opplevde ein svært svak skatteinngang både i 2014, 2015 og 2016. Tysvær hadde ein vekst på berre 3,3 %, mens landet hadde ein vekst på 9,7 %, mot opprinneleg budsjetttert i statsbudsjettet for 2016 på 6 %. Berre 5 kommunar i Rogaland ligg lågare enn Tysvær i forhold til landsgjennomsnittet for skatteinngang (Utsira, Kvitsøy, Bokn, Lund og Sauda). Skatteinntektene som er over 90 % av landsgjennomsnittet beheld kommunen 40 % av. Gjennom inntektsutjamninga blir Tysvær heva til 94,4 % av landet sin gjennomsnittlege skatteinngang. Og med så stor vekst for landet, blir Tysvær løfta opp til gode inntekter.

Innbyggjartilskottet blei fastsett ved vedtak av statsbudsjettet for 2016, og er på 22 668 kroner pr. innbyggjar registrert 01.07.2015, og utgjør 248,6 mill. kroner. I tillegg til innbyggjartilskott får Tysvær utgiftsutjamning utifrå nokre faste kriterier, hovudsakleg befolkningssamansetjing, fordi vi har eit berekna utgiftsbehov utifrå desse faste objektive kriteria, som for 2016 var på 5,2 % over landsgjennomsnittet. Dette gav kommunen eit tillegg til Innbyggjartilskottet på 33,8 mill. kroner.

Kommunen får skjønnstilskott fastsett kvart år ved statsbudsjettet utifrå spesielle behov. Dei siste åra har vi fått skjønnstilskott på grunn av høge utgifter ressurskrevjande brukarar. I 2016 er det på 3 mill. kroner (ned frå 4 mill. kroner i 2015). I tillegg har vi mottatt 1,4 mill. kroner som skjønn til språkdelingsklassar

(budsjettet var på 1,5 mill. kroner), og 400 000 til spesielle formål (interkommunalt prosjekt velferdsteknologi) etter søknad. Summen til språkdeling er overført resultatområde skule til dekning av meirutgifter oppretting språkdelingsklassar.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt (etter frådrag av overføring til Bokn) er auka frå 141,9 mill. kroner i regnskap for 2015 til 177,5 mill. kroner i regnskap for 2016, ein auke på heile 35,6 mill. kroner. Budsjettert auke var forsiktig sett til 13 mill. kroner. Inntekter utover budsjett er på 22,6 mill. kroner. Omtakseringa pr. 1/1-2016 gav vesentleg høgare takst enn det som var lagt til grunn. Dei to store verksemdene som betalar eigedomsskatt, Gassco og Statoil, har påklaga den takst som er fastsett. Klagene er under handsaming. I klagene blir det teke opp også punkter som kommunen om klagepunkta gjennom klagehandsaming og/eller rettssaker, kjem i favør av skattytar slik dei har skissert i klagepunkta, er vesentleg større enn den vekst kommunen har hatt i eigedomsskatt frå 2015 til 2016. Dei inntektene vi får her, og som då er del av kommunens særdeles gode resultat for året, må vi difor rekna som usikre inntil det ligg føre rettskraftige dommar av dei søksmåla som er varsla. Kommunen kan risikera å måtta betala tilbake skatt som nå er bokført som inntekt.

Resultatområda – drift av tenesteproduksjonen

Samla driftsutgifter som anført i avsnitt nedanfor, inkluderer fondsavsetjingar på resultatområda sine ansvarsområder, medan samla driftsinntekter inkluderer finansiering med fond på resultatområda sine ansvarsområder. Samla driftsutgifter er eksklusiv avskrivningar. Overføring av eigedomsskatt til Bokn i samsvar med avtale, er teke med under eigedomsskatteområdet, og det er då netto eigedomsskatteinntekter som blir vist fram i hovudtabell.

Samla driftsutgifter for Tysvær utgjer 913,3 mill. kroner, medan driftsinntekter på resultatområda er 244,5 mill. kroner. Netto samla driftsutgifter er 668,8 mill. kroner. Tilsvarende i 2015 var 650 mill. kroner. Auken er på 19 mill. kroner og utgjer 2,9 %. Samanlikning av eit år med eit anna kan vera litt krevjande, i og med at det vil liggja oppgåveendringar frå eit år til eit anna.

Bakom tala (dette framgår av vedlagte hovudtabell ved samanlikning budsjett og rekneskap) ligg det avvik isolert på utgiftssida, og avvik frå inntektssida på det som var budsjettert. Gjennomgang av desse vil krevja utdjupande analyse, som ikkje er gjennomført når årsberetningen blir skriven. Det er viktig at meirutgifter og meirinntekter vi får i 2016, blir vurdert opp mot reell budsjettering for inneverande budsjettår 2017, og som grunnlag for endringar for budsjettarbeidet for 2018.

I tabellen er det einskilde område sett opp med rekneskapstal i høve til justert budsjett. Justert budsjett er nytta her i høve til avvik, fordi det er tilført midlar frå fellesutgifter til dekning av lønsutgifter som konsekvens av nytt lønsoppgjer. Oppsummert på netto driftsutgifter får vi desse tala:

Tal i mill. kroner

	Rekneskap	Budsjett just.	Avvik just. bud.
Stab og politisk styring	58505	58050	-455
Fellesutgifter	25130	33117	7987
Barnehage	92913	95453	2540
Skule	163415	164607	1192
Aktivitet og omsorg	113451	112749	-702
Helse og førebygging	129901	138241	8340
Kultur	25074	25075	1
Teknisk	65654	63933	-1721
VAR	-13310	-13365	-55
Kyrkja	8118	7896	-222
Samla netto drift	668851	685756	16905
Momskompensasjon drift	-16458	-16479	-21
Samla	652393	669277	16884

Samla kjem tenestene ut med eit positivt resultat på 16,9 mill. kroner (13,7 mill. kroner i pluss i 2015). Resultatområda utanom VAR-området og fellesutgifter kjem ut med et positivt resultat på 9 mill. kroner .

God økonomistyring i områda, samt at vi også får eit klart betra inntektsbilde med auka kostnadsrefusjon frå Staten i resultatområde helse og førebygging, gjer at resultatet samla blir svært positivt.

Inntekstposten momskompensasjon er på budsjett. Dette er kompensasjon for kjøp av varer og tenester som blir utgiftsført på resultatområda. I tabellane er det for resultatområda tatt med inntektsføring frå fond og utgiftsføring til fond. Dette påverkar da resultatet for områda slik det skal.

I det etterfylgjande blir resultatområda gjennomgått med fokus på økonomisk utvikling og status siste rekneskapsår. For resultatområda elles, med større fokus på tenesteutvikling, blir det vist til utdjupande kommentarar gitt i kommunen sin samla årsmelding, som blir lagt fram for kommunestyret som orienteringssak parallelt med handsaming av rekneskap og årsberetning.

Stab og politisk styring

Stab og politisk styring hadde eit samla netto driftsbudsjett på 58 mill. kroner, og rekneskapen viser 58,05 mill. kroner som gjev eit positivt driftsresultat på 450 000 kroner.

I samla resultat for stab og politisk styring ligg innsparing gjennom vedtatt ordinær spareplan. I tillegg ligg det inne ekstra budsjettert innsparing på 1,5 mill. kroner. Området har dei siste åra klart å koma positivt ut, sjølv med dei innsparingsmål som er sett. Innsparingsmål er nådd ved i hovudsak vakansar i stillingar.

Av delområda har alle stabsområda positivt resultat med unntak av politisk styring. Det er justert for dette med høgare budsjetttrammer i budsjett 2017.

Fellesutgifter

På fellesutgifter ligger i utgangspunktet lønsreserven som skal dekkja opp lønsutviklinga i budsjettåret. Når lønsoppgjøret er kjent blir summar overført frå dette området til resultatområda for å dekkja opp meirutgifter. På fellesutgifter ligger også midlar til å dekkja opp pensjonsoppgjøret. På lønsreserve og pensjon kjem kommunen vesentleg betre ut enn budsjett, og dette er hovudårsak til mindre utgifter enn budsjett her.

Barnehage

Barnehage hadde eit samla netto driftsbudsjett på 95,4 mill. kroner, og rekneskapen viser 92,9 mill. kroner som gjev eit positivt driftsresultat på 2,5 mill. kroner.

Ny privat barnehage i Skjoldastraumen frå 1. august førte til ein meirkostnad for 2016 på 300 000 kroner, dette er også justert for i budsjett for 2017. Gratis kjernetid er utvida til og å gjelda 3 åringar i 2016. Med verknad frå 1. august 2016 er rett til barnehageplass blitt utvida til og å gjelde for barn som fyller eitt år innan 31.10. det året det blir søkt barnehageplass for. Begge desse ordningar medfører auka utgifter for barnehageområdet; i prinsippet skal det gjevast full dekning for dette i rammeoverføringane.

Resultatområdet har gjennomført fleire tiltak for å effektivisere drifta i barnehagane. Innsparingskravet skulle bli gjort ved å fortsette arbeidet med å utvide barnehagane og erstatte små barnehagar med større einingar. Resultatområdet har ingen annan plan for innsparing, men har eit bevisst forhold til å klare kravet ved å innfri føresetningane i ramma.

Skule

Skule hadde eit samla netto driftsbudsjett på 164,6 mill. kroner, og rekneskapen viser 163,4 mill. kroner som gjev eit positivt driftsresultat på 1,2 mill. kroner.

Skulane i Tysvær driv godt når ein vurderer læringsresultat på bakgrunn av pålagde og krevjande innsparingar. Sparetiltaka har i stor grad vore gjennomførte ved stillingsreduksjonar. Noko av sparinga i 2016 er gjennomført ved ny konverteringsfaktor mellom lærartimar og timar til miljøarbeidar/fagarbeidar/assistent. Utgifter til skyss har og gått ned. Kolumbus har redusert talet på takstsoner til to, noko som gav kommunen reduserte utgifter. I tillegg har skule redusert talet på skyss til symjeopplæring. Saka om endring av kringsgrenser for å redusere ekstra skyss, er utsett. Vedtektene i SFO blei endra i 2016 med færre tilbod og samling av ferie-SFO på ein skule. Dette har og gitt auka innsparing.

Det er overført 640 000 kroner frå drift til investering til IPAD-pilotering på 1. trinn ved tre skular. På resultatområdet skule har det vore mindre sjukdom og lønna permisjonar i skulen, noko som inneber ein nettoeffekt på 801 000 kroner på samla resultat.

Rammetimetalet for skuleåret 2016/2017 er totalt på 3135 timar. Dette er ei auke på 166 frå førre skuleår. Auken er grunna i øymerka midlar til 1 time utvida opplæring i naturfag og høgare lærartettleik på 1-4 klasse. Frå hausten 2016 fekk Tysvær kommune 1.8 mill. i øymerka midlar til auka lærartettleik 1. – 4. klasse, og tiltaket blir vidareført i 2017 som eit varig tiltak.

Aktivitet og omsorg

Aktivitet og omsorg hadde eit samla netto driftsbudsjett på 112,7 mill. kroner, og rekneskapen viser 113,4 mill. kroner som gjev eit overforbruk på 700 000 kroner.

Fleire kommunale tenester er sett i verk i samband med ny organisering. Resultatområdet har hatt utfordringar med å få ny organisasjon til å setja seg. Det er mange nye leiarar som treng mykje opplæring og krev ressursar, men er heilt nødvendig for å koma på plass. Det er relativt mange ledige institusjonsplassar som har medført reduserte kostnader, men ein del av kostnadene er knytt opp til faste utgifter. Eigenbetaling for institusjonsplassane er ikkje nådd grunna ledige plassar. Aktivitet og omsorg har høge utgifter knytt til ressurskrevande tenester.

Aktivitet og omsorg skulle spare 1 mill. kroner i 2016. Dette har vore svært krevjande og det har blitt jobba for å finna fram til kostnadsreduserande tiltak. Aktivitet og omsorg har hatt fokus på å løysa morgondagens utfordringar, dette blir avgjerande for å levera tenester effektivt til dei som treng det mest, og unngå unødvendig ressursbruk for framtida. Samarbeid er eit nøkkelopgrep, både internt i kommunen, med eksterne aktørar og ikkje minst auka samhandling med frivillige. Aktivitet og omsorg har redusert sjukefråvær monaleg frå 11% til 7% som medfører betre kvalitet og reduserte kostnader.

Helsetenestene

Helsetenestene hadde eit samla netto driftsbudsjett på 138,2 mill. kroner, og rekneskapen viser 129,9 mill. kroner som gjev eit positivt driftsresultat på 8,3 mill. kroner.

Seksjon butiltak hadde eit positivt resultat på 1,1 mill. kroner. Bakgrunnen er reduserte lønnsutgifter, sjølv om aktiviteten i seksjonen har auka.

Barneverntenesta hadde eit lite positivt resultat. Utgifter i samband med akutt plasseringar og fosterheimsvedtak er uforutsigbare på kort sikt og kan påverke utgiftsbildet. Tenesta har likevel halde rekneskapet innanfor budsjettet. Dette skuldast delvis at ein har få institusjonsplasseringar og delvis at det ikkje har vore så stort omfang på omsorgsovertakingar som budsjettet. I tillegg har tenesta hindra omsorgsovertakingar ved bruk av hjelpetiltak (retteiing til foreldra). Kommunen betalte tilsaman 1,2 mill. kroner til kommunal oppreisingsordning. Desse utgiftene blei dekt av fond.

PPT hadde eit positivt resultat på 450 000 kroner. Dette skuldast reduserte vikarutgifter og honorarutbetalingar. Tenesta har høgt arbeidspress og problem med å halde fristar for sakshandsaming.

Psykisk helse hadde eit positivt resultat på 700 000 kroner, det skuldast reduserte lønnsutgifter og mindre vikarbruk. Endringar i brukargrunnlaget i psykisk helseteneste ga ein usikker prognose knytt til statleg refusjon for ressurskrevjande brukarar.

NAV hadde overforbruk på økonomisk sosialhjelp på 1,3 mill. kroner. Dette overforbruket blei dekkja opp av mindreforbruk av intro.lønn, då store deler av overforbruket var knytt til auka utbetalingar til flyktningar i introperioden.

Tysvær Vepro hadde eit lite overskot i 2016. Dette skuldast i hovudsak auke i inntekter meir enn budsjettet.

Flyktningmottak: Flyktningtenesta hadde i 2016 et overskot på 3,4 mill. kroner. Dette skuldast fleire ting. Det var ikkje budsjettet for familieinnvandring, og i 2015 og 2016 kom det tilsaman 14 personar utover det kommunen hadde budsjettet med.

Legetenestene har eit mindreforbruk på 470 000 kroner. Det skuldast at utbetalingane til fastlegane vart mindre enn budsjettet. Utgifter til kommunalt legekantor vart lågare enn budsjettet, og kommunen reduserte utbetalingane som følgje av for mykje betalt i 2015. Tysvær kommune er del i den interkommunale legevakta, og desse utgiftene fulgte budsjetttramma for 2016.

Kultur

Kultur hadde eit samla netto driftsbudsjett på 25,0 mill. kroner, og rekneskapen viser same resultat; 25,0 mill. kroner; med andre ord balanse.

Tenestene har blitt drevet effektivt og disponible midlar til fornying og nødvendig vedlikehald. Utover det har Tysværtunet hatt gode besøkstall i 2016 og tenesta Kino har nok eit år hatt auke i antal besøk. Badebesøka har stabilisert seg på eit høgt nivå og vil være vanskelig å auke noko særleg meir. Kulturskule har hatt omtrent det antal elevar som dei såg for seg og biblioteket er godt brukt i år også.

Teknisk

Resultatområdet teknisk fekk eit budsjettunderskot på 1,7 millionar kroner i 2017. Budsjettunderskotet inneberer at resultatområdet teknisk brukte 3 % høgare netto driftsutgifter enn budsjettert.

Særleg store avviksproblem i 2016 har det vore knytt til drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen og til utgifter forbundet med ordninga for vakt og beredskap i høve til vintervedlikehald.

Frå og med 2016 har resultatområdet teknisk fått krav om eit nytt innsparingskrav på 1,1 millionar kroner. I 2016 har resultatområdet teknisk løyst dette innsparingskravet ved å ikkje gjennomføre noko asfaltering. Denne løysinga har berre vore ein løysing for 2016, og i dei vidare åra må det difor finnast ein ny og endeleg løysing på dette innsparingskravet. Når det gjeld innsparingskrav som stammar frå år før 2016, så har ein i varierende grad klart å realisere desse krava. At det for 2016 er budsjettoverskridingar knytt til drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen, må mellom anna sjåast på bakgrunn av at ein ikkje har klart å realisere budsjettmål for kutt i energiutgifter.

Resultatområdet teknisk sin driftsøkonomi vil i nokså stor grad vere påverka av ytre forutsetningar som straumprisar, prisutvikling på innkjøpte varer og tenester, temperatur (oppvarmingsbehov) og snømengder. Året 2016 har ikkje vore eit år kor ein i så måte har hatt store utfordringar knytt til desse ytre føresetnadane. Budsjettavviket for 2016 illustrerer difor at det har eksistert eit misforhold mellom driftsaktivitet og driftseffektivitet på den eine sida, og budsjetterte rammer på den andre sida.

VAR

VAR-området fekk eit budsjettoverskot på 480 491 kroner i 2016. Budsjettoverskotet utgjorde 6 % av budsjetterte netto inntekter for 2016. Det tekniske budsjettoverskotet for 2016 kjem primært av høgare rekneskapsførte direkteførte kostnader til vatn og avlaup enn budsjettert for ansvarsområder i Tysvær kommune som ligg utanfor VAR-området.

Når det gjeld sjølvkostrekneskapa for vatn og avlaup i 2016, som er hovuddelen av VAR-området, så blei det underskot for begge sjølvkostområda. At det vart underskot i 2016, er i tråd med budsjettert og ønskeleg utvikling. Over tid har Tysvær kommune bygd opp svært store sjølvkostfond for vatn og avlaup, og vi er no inne i ein nedbyggingsfase av desse to sjølvkostfonda. For vatn fekk vi i 2016 eit klart høgare underskot enn budsjettert, og hovudårsakene til dette var høgare avskrivingar enn budsjettert, høgare direktekostnader til vatn utanfor VAR-området, enn budsjettert, og innkjøp av større vassmengder frå nabokommunane enn budsjettert. Per 31.12.16 er behaldninga på sjølvkostfondet for vatn på 10,9 millionar kroner, og per 31.12.16 er behaldninga på sjølvkostfondet for avlaup på 2,3 millionar kroner.

Kyrkjeleg Fellesråd

Kyrkje hadde eit samla netto driftsbudsjett på 7,9 mill. kroner, og rekneskapen viser 8,1 mill. kroner som gjev eit negativt driftsresultat på 200 000 kroner.

Driftsbudsjettet til Kyrkjeleg Fellesråd er ei rein overføring av midlar. Bruken av midlane blir detaljert i rekneskap som blir avlagt av fellesrådet. Kyrkjeleg Fellesråd er ei rettssubjekt. Avviket mellom budsjett og rekneskap er justering som blir gjort med konsekvens i nytt lønsoppgjør som ikkje er kjent når budsjettet blir vedteke.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er kommunens resultat før dekning av renter og avdrag, og før avsetjingar til budsjetterte føremål. Brutto driftsresultat for kommunen er på 108,5 mill. kroner mot opprinneleg budsjettert 61,4 mill. kroner, ei meirinntekt på 47,1 mill. kroner.

Kapitalutgifter og kapitalinntekter

Samla for dette området er det opprinneleg budsjettert med netto utgifter på 23,9 mill. kroner, mens resultatet blir netto utgifter på 20,2 mill. kroner, eit betre resultat i høve til budsjett på 3,7 mill. kroner. Forsiktig budsjettering av renteinntektsområdet er årsak til positivt resultat, renteutgifter var litt høgare enn budsjett. Rentenivået har vore stabilt i 2016. Kommunens lånegjeld ved årsskiftet er 980 mill. kroner. Gjennomsnittleg rente pr. 31/12 er 1,55 % og gjennomsnittleg rentebindingstid er på 1 år. Det inneber at refinansieringsrisikoen kan vera reell om marknadssituasjonen skulle endra seg; i dag er det uproblematisk å få låna refinansiert. Renteutgifter er 1,5 mill. kroner høgare enn budsjett.

På renteinntektssida syner resultatet meirinntekt på 5,2 mill. kroner. Her har vi budsjettert forsiktig i forhold til rentenivå, og vi har også hatt sterk likviditet i året som har gitt positivt driftsbidrag. Slik vår bankavtale er, svarar det seg for kommunen å ta opp budsjetterte lån tidleg i året. Budsjettert låneopptak for året blir med det tatt opp i januar.

Plasseringane i obligasjonsmarknaden og i pengemarknadsfond, gav betre avkastning i 2016 enn i 2015. Plasseringa gjev over tid høgare avkastning enn det vi ville fått ved å ha midlane plassert i bank. Ved årsskiftet var det plassert samla 45,2 mill. kroner i obligasjonar og fond; det meste i bankobligasjonar.

Kompensasjonsinntektene for lån gjeve til ulike føremål er på 10,3 mill. kroner, mot budsjettert 9,2 mill. kroner. Kompensasjonsinntektene er i 2016 om lag i samsvar med budsjett i åra som kjem. I inntektene ligg 500 000 kroner som gjeld krav til Tysvær Arena Drift A/S; dette er ikkje innbetalt. I desse inntekter vidare ligg rente- og avdragskompensasjon frå Staten til investeringar i skulebygg, institusjonar og omsorgsbustadar, i tillegg kjem inntekter frå startlån (avdrag og renter frå dei vi låner ut til) og leigeinntekter Meny-bygget .

Kompensasjon for dekning av renter og avdrag på VAR-området gjenspeglar seg i den budsjetterte og regnskapsførte meirinntekt som ligg i VAR-området som er omtala under resultatområda. Dette er da ikkje del av kompensasjonsinntektene som er tatt med her.

Frå Haugaland Kraft blei det budsjettert med 9,8 mill. kroner i form av utbytte og renter på vår eigardel som er 9,8 % i Haugaland Kraft; resultatet blei 10,6 mill. kroner. Resultatet er avhengig av overskotet i selskapet; dette året blei det betre enn budsjett.

Avdrag er i samsvar med budsjett 29 mill. kroner. Utfra ei samla lånegjeld eksklusiv pensjonsgjeld på 980 mill. kroner, betaler vi 3 % årleg i avdrag. Dette er i samsvar med den plan som er lagt for nedbetaling av vår lånegjeld.

Investeringar og utlån

Det er samla gjort investeringar på 165 mill. kroner i 2016 (124 mill. kroner i 2015). Dette er svært høgt. Summen er litt over nivå på investeringsbudsjettet for året (160 mill. kroner). I rekneskapen ligger prosjekter som blei budsjettert i 2015 og tidlegare år, samstundes som det ligg budsjetterte midler i 2016 der prosjektene ikkje er kome i gang, eller framdrift er forseinka. Samanlikning mellom budsjett og rekneskap er da vanskeleg å gjera direkte. Tyngda av investeringane er innanfor VAR-området.

Utdjupande kommentarar og detaljer om dei einskilde investeringsprosjekta går fram av det framlagde rekneskap og kommentarar frå resultatområda primært frå resultatområde teknisk i årsmeldinga for 2016.

Det har vore høg aktivitet på utlånsiden gjennom startlån også i 2016. Samla er det lånt ut 11,1 mill. kroner i 2016 (10,5 mill. kroner i 2015), og etterspurnaden har vore større enn det. Samla er det lånt ut 50,5 mill. kroner (46 mill. kroner i 2015) i startlån ved årsskiftet. Årsaken til at auken i samla utlån er mindre enn nye utlån i året, er at det for eksisterande lån skjer endringar ved at lån blir innløyst utover ordinære innbetalingsplanar.

Balanserekneskapet

Anleggsmidler

Kommunens anleggsmidler ved årsskiftet var 2,475 mrd. kr. mot 2,356 mrd. kr. ved regnskapet for 2015. Pensjonsmidler i KLP utgjer av desse 877 mill. kr ved årsskiftet. I anleggsmidlane ligg i hovudsak elles verdien av kommunens eigedomar herunder bygg. Samla er det bokført ein verdi på 1,413 mrd. kr. i faste eigedomar og anlegg (1,321 mrd. kr. i 2015).

Aksjekapital i ulike selskaper er på 49,3 mill. kroner, herav Haugaland Kraft på 19,6 mill. kroner, KLP på 18,5 mill. kroner, Aksdal Næringspark på 8 mill. kroner og Tysvær Arena Drift på 2,5 mill. kroner.

Omløpsmidler

Kommunens omløpsmidler ved årsskiftet er på 371,1 mill. kroner mot 340,1 mill. kroner i 2015. Under omløpsmidler ligger også plasserte midler i bankobligasjoner på 45,2 mill. kroner, disse er svært likvide. Vidare utgjør dei kortsiktige fordringane 44,8 mill. kroner. Bankinnskota ved årsskiftet er 199,5 mill. kroner (137,8 mill. kroner i 2014): Likviditeten er blitt vesentleg sterkare.

Kortsiktig gjeld

Samla kortsiktig gjeld er på 132 mill. kroner, mot 152 mill. kroner i 2015. Tyngda av kortsiktig gjeld er avsette feriepenger til utbetaling i 2017 på 62 mill. kroner, skattekrav på 31 mill. kroner og gjeld til leverandører av varer og tenester på 26 mill. kroner.

Langsiktig gjeld

Kommunen si lånegjeld er ved årsskiftet på 979,8 mill. kroner (902,3 mill. kroner pr. 1/1-2016). Auka lånegjeld er på 77,5 mill. kroner. Auken har sin hovudårsak i budsjetterte låneopptak til gjennomføring av vedtekne investeringar til vatn og kloakk. Lånegjelda blir målt i høve til samla driftsinntekter i kommunar – dette skal gjenspeglar vår evne til å betala avdrag og renter som konsekvens av lånegjelda. Ved årsskiftet er lånegjeld i % av samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter (1046 mill. kroner) på 93,7 % (92,8 % pr. 1/1-2016).

Den handlingsregelen som kommunestyret har vedtatt dei siste åra – lånegjeldsdelen i % av samla driftsinntekter på det kommunen sjølv må dekkja skal vera stabilt – er det heilt sentralt for kommunen å oppnå i åra framover. Renteeksponert gjeld = det kommunen må dekkja inn med eigne midlar er ved årsskiftet på 460 mill. kroner (470 mill. kroner i 2015). Det inneber at 520 mill. kroner blir heilt (både renter og avdrag) eller delvis (renter) føresettt dekkja av andre gjennom gebyrer vatn og kloakk (grunnlag 296 mill. kroner), skuleutbygging (48 mill. kroner), omsorgsutbygging (27 mill. kroner), Tysvær arena (10 mill. kroner), Meny-bygget (35 mill. kroner), kyrkjene (4 mill. kroner), investeringar finansiert med realvekstfond (39 mill. kroner) og startlån (63 mill. kroner).

Under langsiktig gjeld ligger også våre pensjonsforpliktelser i KLP. Dette er midlar vi skylder tidligare og nåværende ansatte i fremtidig pensjon. Dette utgjør 1114 mill. kroner, og blir å sjå opp mot våre pensjonsmidlar i KLP på 877 mill. kroner. Dette gjev årlege utslag på driftssida på pensjonsutgiftene.

Eigenkapital

Samla eigenkapital er 617 mill. kroner (571 mill. kroner i 2015). I eigenkapitalen ligger alle fondene til kommunen og årets rekneskapsmessige overskott på 51 mill. kroner. Samla fond er på 152 mill. kroner mot 123 mill. kroner i 2015. Ubundne fond (kommunestyret kan gjera vedtak om bruk, eller endra føremål i høve til tidlegare vedtak), utgjør 132 mill. kroner, av dette utgjør investerings- og utviklingsfondet 22 mill. kroner før kommunens driftsresultat for året er disponert.

Samla økonomisk situasjon for Tysvær

Resultatutviklinga har vore svært positiv over tid, frå eit reelt driftsunderskott i 2007 på 6,9 mill. kroner (etter frådrag av momskompensasjon investeringar), til eit gradvis betra resultat, og opp til heile 88,3 mill. kroner i 2016, tilsv. ein driftsmargin på 8,4 % av brutto driftsinntekter.

Dette er eit resultat av stor vekst i eigedomsskatteinntekter gjennom desse åra, og i dei siste åra også eit svært positivt rentebilete, men aller viktigast for resultatet er eit godt og systematisk arbeid med omstilling og sparing i tenestene over lang tid.

Det er arbeidd med å finna varige omstillingar i drifta og samstundes sikre best muleg kvalitet innanfor tilgjengelege ressursar. Det er gjort ein formidabel jobb i tenestene både med godt nok standardar og med å finne meir kostnadseffektive måtar å levere fortsatt gode tenester på.

Resultatet er heilt i toppsjiktet blant norske kommunar.

Kommunestyret har sagt at pengebruken framleis skal vere nøktern og ikkje minst berekraftig på lang sikt. Det betyr at vi må bruke det store handlingsrommet vi nå har i økonomien vår klokt, til å rigge Tysvær kommune for framtida, og eit inntektsgrunnlag som vi ikkje kan rekne med blir like godt som i dag.

Det er svært viktig for rådmannen å understreke igjen den store usikkerhetsfaktor som ligg i at det ligg føre klage på siste omtaksering eigedomsskatt frå dei to store skattytarane, Gassco og Statoil. Her må det påreknast rettsaker. Dei inntektene som delvis nå gjev det historisk gode resultatet, må difor delvis setjast av til fond, i påvente av endeleg avklaring, truleg i rettsapparatet. Det kan ta tid før dette er klart. Rekneskapen skal handsamast av kommunestyret i juni 2017. I rekneskapsaka vil rådmannen i hovudsak tilrå avsetjing av årsoverskotet til disposisjonsfond og/eller investerings- og utviklingsfond. Det vil også bli vurdert om konkrete drifts- og investeringsprosjekter skal tilførast midlar.

Status for kommuneplanarbeidet

Gjeldande kommuneplan for Tysvær kommune vart vedtatt i september 2015. I samband med sist kommuneplanrevisjon vart det gjort ei strandsonekartlegging og det vart lagt ut nye utbyggingsområde for fritidsbustader og reiselivsanlegg. Samstundes med arbeidet vart det og utarbeida kommunedelplan for kulturminner. Kommunal planstrategi for perioden 2016-2020 vart vedtatt av kommunestyret i november 2016 med bestilling av ei rekke planoppgåver utført i kommunestyreperioden som planar for tenesteområda, områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplaner, planar for bustadbygging m.m. Kommunestyret vedtok at ein ikkje skal revidere samfunnsdelen og arealdelen i denne kommunestyreperioden, men at kommuneplanens føresegnar skal reviderast.

Likestilling og diskriminering

Tysvær kommune har likestilling, likebehandling og antidiskriminering som viktige prinsipp. Tysvær kommune sin organisasjonspolitikk understrekar at likestilling handlar om like vilkår og potensiale uavhengig av kjønn, etnisk identitet, religion, sosial status, seksuell legning, alder og funksjonsnivå. I dei lønnspolitiske retningslinjene for Tysvær kommune står det at lønnspolitikken skal syte for likestilling mellom kvinner og menn i tråd med gjeldande avtalar, jf. HA §7 og HTA kap.3.2 og Likestillingslova §§ 5, 17 og 21.

Likestilling handlar mellom anna om å ha ein jobb å leva av. Det er oftast kvinner som arbeider deltid, og som har ein uforutsigbar og utrygg økonomisk situasjon der ein ikkje har dei same mulighetene som dei som jobbar heiltid.

Tysvær kommune er deltakar i *Nytt blikk! Læringsnettverk for å skape heiltidskultur*. Prosjektet er i regi av KS – Rogaland der fleire kommunar deltek. Målet med prosjektet er å ha fokus på heiltidskultur for å auka andelen heile stillingar. Prosjektet har sett ei målsetting om at gjennomsnittleg stillingstørrelse skal vera 80% i 2022.

I tabellen her ser ein status for Tysvær kommune. Denne viser at ein har ein lang veg å gå for å oppnå heiltid.

Sektor	Antall stillinger	Antall heitidsstillinger	Andel heitidsstillinger	Gjennomsnittlig stillingsstørrelse
I alt	1 328	429	32,3 %	76,3 %
Administrasjon	56	37	66,1 %	87,2 %
Undervisning	359	152	42,3 %	75,1 %
Barnehager	184	72	39,1 %	81,6 %
Helse/omsorg	593	127	21,4 %	68,2 %
Teknisk	88	31	35,2 %	53,8 %
Anna	48	10	20,8 %	56,1 %

Ny handlingsplan for likestilling skal handsamast i Arbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet første halvår i 2017.

Når det gjeld universell utforming har alle resultatområde ansvar for dette utifrå tenesta sitt lovverk. Dette gjeld i både planarbeid og i tenesteproduksjon. Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne har uttalerett i saker som har med universell utforming og gjera, og kan påpeika manglar og behov.

Internkontroll

Kommunen innførte elektronisk internkontroll i 2013. Systemet heiter Risk Manager og er det same systemet som fleire av kommunane på Haugalandet har. I kvalitetshandboka står det at «Målet med kvalitetssystemet er at alle medarbeidarar skal kunne utføre sine arbeidsoppgaver i henhold til avtalt nivå, metode, standard og kvalitet».

KPMG gjorde på bestilling frå kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon av Tysvær kommune sin internkontroll. Forvaltningsrevisjonsrapporten blei handsama i kontrollutvalet 01.09.2015. Internkontrollrapporten gav kommunen oss nokre anbefalingar i vegen vidare.

- KGMG meiner at system for kvalitetsstyring ikkje er tilstrekkelig integrert i styringssystemet
- Kartlegga kva rutinar som gjenstår å få på plass
- Presisera i endå større grad kva form rutinar skal ha
- Tydeliggjera korleis dokumenta skal stå i forhold til kvarandre, deriblant plassering av rutinar og andre sentrale dokument, samt kopling mellom dei
- System for å formidla rutinar ut til alle tilsette
- Kommunen bør redefinera organisering, leveransekrav, ansvar og tidsfristar

Operasjonalisera og tydeleggjera styringssystem ved hjelp av aktivitetar og rutinar:

- Basera den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse
- System for å handtera og rapportera avvik
- System for å følgja opp og rapportera korleis strategiar/rutinar for styring og kvalitet blir tatt i vare.

Det har vore arbeid med desse anbefalingane, mellom anna har det vore utarbeidd kvalitetshandbok. Denne gir svar på ein del av det forvaltningsrevisjonen peika på. I løpet av våren 2017 skal det gjennomførast ei spørjeundersøking i organisasjonen for å få status på kvalitetssystemet. Denne undersøkinga vil gi oss svar på korleis stoda er for kommunen sin internkontroll, og korleis det må arbeidast vidare for å sikra at internkontrollen fungerer etter målsetting og intensjon.

Etikk

Tysvær kommune har etisk reglement som er gjeldande både for politikarar og tilsette. Reglementet blei revidert og vedteke i kommunestyre i 2014.

Etiske retningslinjer er eit hjelpemiddel for dei tilsette når dei er på jobb, og for dei folkevalde i utøvinga av vervet sitt. Dei bygger på gjeldande lover og forskrifter, og kjem ikkje i tillegg.

Formålet med Tysvær kommune sine etiske retningslinjer er å sikra god etisk praksis og definera felles standard for tilsette og folkevalde i Tysvær kommune. Som forvaltarar av samfunnets fellesgoder, og utøving av makt og myndighet blir det stilt spesielt høge krav til folkevalde og tilsette. Derfor skal retningslinjene skal bevisstgjera og oppfordra til etisk refleksjon. Det står i retningslinjene at det skal sikrast god etisk refleksjonskompetanse på alle nivå i kommunen.

I resultatområde Aktivitet og omsorg er alle leiarane pålagt etikkrettileiarkurs. Det er jamnlege refleksjonsgrupper i alle avdelingar i denne tenesta. Det blir gjennomført etisk refleksjon i andre tenester også. Det vil vera nødvendig å innføra systematisk etisk refleksjon som ein del av drifta i alle tenester. Nye politikarar har etisk reglement som ein del av politikaropplæringa.

I Tysvær kommune sine medarbeidarverdiar er ein av verdiane OPEN.

Med OPEN meiner vi at leiarar og medarbeidarar ...

- bidrar til gjennomsiktede og opne prosessar
- er serviceorienterte og profesjonelle i møte med andre
- søker og deler relevant informasjon og kunnskap for å sikre gode prosessar
- bygger ein kultur der vi er ærlege med kvarandre

Denne medarbeidarverdien og dei andre; RAUS, MODIG og ANSVARLEG bygger opp under det etiske reglementet. Det blir jobba med medarbeidarverdiane på alle nivå i kommunen.

Arvid S. Vallestad
Rådmann



Tor Leif Helgesen
Økonomisjef



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.05.17	13/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «ØKONOMISTYRING»

Vedlegg: KPMG: Utkast til prosjektplan- «Økonomistyring»,
(fordeling av timal er ikkje off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møtet 07.02.17, sak 7/17 ba kontrollutvalet revisjonen om å legge fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsprosjekt (som er prioritert som nr 2 i vedtatt plan) til neste møtet i mai. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 22.05.17 v/Lena Davik Fjærtøft:

Vedlagt følger forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjonen Økonomistyring i Tysvær kommune. Ta kontakt om du har spørsmål/kommentarer til prosjektplanen.

Me kjem til å delta på kontrollutvalsmøtet og håpar å få ein god diskusjon rundt føremål og problemstillingar.

Bakgrunn

Temaet er, som nemnt, prioritert som nr 2 i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. Nr 1 blei igangsett i haust og lagt fram for utvalet februar og kommunestyret i mars. Planen blei vedteken av kommunestyret imøtet 1.06.16, sak 40/16.

Føremål og problemstillingar

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er å vurdere kva for prosessar og rutinar Tysvær kommune har for å identifisere, handsame og gjere tiltak for å rigge sin økonomi når økonomiske føresetnadar som inntektsgrunnlaget vert endra.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekker avvik eller moglege forbetningsområde

På bakgrunn av føremålet er følgjande problemstillingar foreslått:

- 1. I kva grad har Tysvær kommune identifisert og analysert risiko for framtidige inntektsendringar og vurdert risikoreduserande tiltak?**
- 2. I kva grad arbeider Tysvær kommune systematisk med innsparingsvedtaket?**
 - a. Kva er status i høve oppfylling av innsparingskravet?**
 - b. Kva er konsekvensane av dei innsparingane som er gjort hittil?**

3. I kva grad har kommunen fokus på moglege innsparingar i infrastrukturorganiseringa i kommunen?

a. Er det gjort berekningar?

b. Er det identifisert innsparingspotensial?

c. Framstår eventuelt potensial som realistisk?

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 200 timar. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2017.

Av medtode er nemnt dokumentinnsamling og bruk av intervju.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG tidlegare bede om at det ikkje vert gjort offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke dette ut på side 5 med heimel i Off.love § 13/Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet.

KPMG skriv at oppstart vil vere i juni, datainnsamling og intervju fram til september. Rapportskriving og høyring av rapporten vil skje i oktober, med levering av endeleg rapport i forkant av kontrollutvalet sitt møte i november. Utvalet skal ha møte 14. november og rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret i desember, då kommunestyremøtet i november er 21. november (ei veke etter kontrollutvalet).


Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei framlagde problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomistyring" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

Aksdal, 23.05.17



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



VEDLEGG

SAK 13/17

Haugaland

Kontrollutvalgssekretariat

Mottatt dato: 22.05.17

Journalført: 17/208/4kl

Arkivkode: 216

Prosjekt- plan

Økonomistyring
Forvaltningsrevisjon
Tysvær kommune

Mai 2017

www.kpmg.no

Innhold

1. Innleiing	2
1.1 Bakgrunn	2
1.2 Forarbeid	2
2. Formål, problemstillingar og kriterier	4
2.1 Formål og avgrensing	4
2.2 Problemstillingar	4
2.3 Revisjonskriterier	4
3. Tilnærming, team og honorar	5
3.1 Metode	5
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	5
3.3 Prosjektteam	5
3.4 Honorar	6

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Området økonomistyring, herunder handtering av usikkerheit i inntektsgrunnlag og realisering av innsparingsvedtak er eit prioritert område i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. Usikkerheit og reduksjon i inntektsgrunnlaget vart i arbeidet med planen identifisert som eit av dei største risikoområda, då spesielt knytt til eigedomsskatten. Denne risikoen kan medføre framtidig krevjande innsparingsbehov og vesentleg lågare handlefridom i kommunen. I plan for forvaltningsrevisjon vart også kor vidt kommunen klarer å realisere kommunestyrevedtak om innsparing identifisert som eit risikoområde.

Kontrollutvalet i Tysvær kommune vedtok 07.02.17, i sak 7/17, å bestille ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon om "Økonomistyring" frå KPMG.

1.2 Forarbeid

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere formål og problemstillingar. I prosessen har vi:

- ✓ Gjennomført ein kartleggende samtale med rådmann og økonomisjef i Tysvær kommune.
- ✓ Gått gjennom forvaltningsrevisjon om budsjett- og økonomistyring i Tysvær kommune frå 2014.
- ✓ Gått gjennom økonomiplan for 2017-2020.

I kontrollutvalsmøtet vart det diskutert kva innfallsvinkel KPMG skule ha til prosjektet. Det vart foreslått at forvaltningsrevisjonen presenterer og vurderer dei analysane kommunen har gjort i forhold til om inntektene frå eigedomsskatt skule falle bort. Kontrollutvalet ynskjer også at KPMG ser på Tysvær si realisering av innsparingsvedtaket, då med fokus på status i høve til å oppnå vedtaka, korleis vedtaket vert følgt opp, kva som vil vere konsekvensen av eit slikt vedtak over tid og samanhengen i høve til gjeldsutviklinga.

Reduksjon i inntektsgrunnlag

I budsjett- og økonomiplan for 2017-2020 for Tysvær kommune er det omtalt at det er eit press frå regjeringa og næringsaktørar på å endre dagens eigedomsskatt på verk og bruk. Dette er gjort greie for i kapittel 3.4.2 *Arbeid med endringar i eigedomsskatten på verk og bruk*. Her går det fram at eigedomsskatten på verk og bruk er under endringspress, og at det politisk har vore foreslått å endre eigedomsskatten slik at ein i praksis står att med eigedomsskatt på bygning og tomt. Samstundes har dei største næringskattetrytarane i kommunen klaga på taksten, og det vil truleg ta tid før desse sakene er avklart. I andre kommunar er det næringsaktørar som tek steg for å prøve dagens praksis og regelverk rettsleg. Samstundes vert det peika på at olje og gass har ei usikker framtid, og kommunen sine inntekter frå Kårstø-anlegget er i eit lengre perspektiv usikre. Dette er bakteppe for at kommunen ventar reduksjon i inntektsgrunnlaget. Slik rådmannen vurderer det vil kommunen få store negative endringar i inntektsgrunnlaget, men det er usikkert frå når.

Det går også fram av økonomiplanen at det nye inntektssystem for kommunane slår negativt ut for Tysvær, men at ei eventuell kommunesamanslåing vil slå positivt ut i forhold til inntektssystemet.

Realisering av innsparingsvedtak

I økonomiplan for 2017-2020 vert det i kapittel 2.1 *Føresetnader om omstilling og sparing* utgreia om innsparingsvedtaket i Tysvær kommune. Her går det fram at kommunestyret har føreset ei samla netto

innsparing på 57,7 mill. kroner i perioden 2013-2020. I følge gjeldande økonomiplan skal det sparast 19,1 millionar i perioden 2017-2020.

Dei føresetnadene om sparing som rådmannen har lagt til grunn for perioden 2017-2020 og vidare, går fram av tabellen:

										
Spareprofil 2013-2021										
Omrader	Samla	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021+
Stab og politisk styring	4	2,2	0,7	0,5	0,6		(0,5)	(0,5)	(0,5)	
Barnehage	2		0,5	0,25	0,25	(0,5) ¹	(0,5)	(0,5)		
Skule	17	7	3	2	1	1	(1)1	1	1	
Aktivitet og omsorg		1	1,6	1	1	(1)1	1	1	3,6	
	27,7									4
Helse og førebygging		1,5	2	0,4	1,6	0,5	0,5	2	4	
Kultur	1,125	0,3	0,275	0,175	0,375	-	-	-	-	
Kyrkje	0,375	0	0,125	0,125	0,125	-	-	-	-	
Teknisk	5,5	1,5	1,2	1,2	1,1	0,5	(0,75)	(0,75)	(1,8)	
Sum	57,7	13,5	9,4	5,4	6,3	4	2,5	4	8,6	4

Tabell 1: Spareprofil i Tysvær kommune, frå budsjett og økonomiplan 2017-2020.

Tabellen er oppdatert med den reelle innsparinga som resultatområda har klart fram til og med 2016. Opphavleg sparekrav er innlemma i alle resultatområda sine rammer, og tala i parentes indikerer når sparekrav som ikkje er realisert bør dekkast i samsvar med rådmannen sitt forslag. I budsjettdokumentet vert det skriftleg redgjort for status på innsparingane innanfor dei ulike tenestekområda. Aktivitet og omsorg og helse og førebygging er dei resultatområda med høgst uteståande sparekrav.

I budsjettdokumentet går det fram at rådmannen meiner at Tysvær har behov for større endringar i drifta, enn det gjeldande sparekravet. Dette er med bakgrunn i potensiell reduksjon i inntektene. Tysvær kommune har historisk hatt eit ressursforbruk over landsgjennomsnittet, i 2011 hadde kommunen eit samla ressursforbruk som låg 20 % over landet¹. Det er arbeid med omstilling i kommunen sidan 2008/2009. I 2015 var kommunen sitt samla ressursforbruk mot 13 % over landsgjennomsnittet.

¹Landsgjennomsnittet utan Oslo.

2. Formål, problemstillingar og kriterier

2.1 Formål og avgrensing

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere kva for prosessar og rutinar Tysvær kommune har for å identifisere, handsame og gjere tiltak for å rigge sin økonomi når økonomiske føresetnadar som inntektsgrunnlaget vert endra.

Forvaltningsrevisjonen vil være forbetningsorientert, og vil ha som formål å gi anbefalingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller mulige forbetningsområder.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av formålet blir følgjande problemstillingar foreslått:

1. I kva grad har Tysvær kommune identifisert og analysert risiko for framtidige inntektsendringar og vurdert risikoreduserande tiltak?
2. I kva grad arbeider Tysvær kommune systematisk med innsparingsvedtaket?
 - a. Kva er status i høve oppfylling av innsparingskravet?
 - b. Kva er konsekvensane av dei innsparingane som er gjort hittil?
3. I kva grad har kommunen fokus på moglege innsparingar i infrastrukturorganiseringa i kommunen?
 - a. Er det gjort berekningar?
 - b. Er det identifisert innsparingspotensial?
 - c. Framstår eventuelt potensial som realistisk?

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane vert det stilt opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen vert målt mot. Revisjonskriterier må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utlede revisjonskriterier vil være:

- ✓ Kommuneloven.
- ✓ Interne prosedyrar, vedtak og reglar i kommunen.
- ✓ *Risikostyring i staten, håndtering av risiko i mål- og resultatstyringen*, metodedokument, Direktoratet for økonomistyring, 2005.

3. Tilnærming, team og honorar

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn dokumentasjon frå kommunen. I tillegg til dokumentasjon vil vi gjennomføre intervju med sentrale nøkkelpersonar for utfyllande informasjon. Informasjonen som vert samla inn vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria.

Val av personar for intervju vil bli avtalt nærmare med kommunen. Før gjennomføring av intervju vil det bli utarbeidet intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrevet referat som blir sendt til respondentane til verifisering. Data frå respondentane vil bli samanstillt med analysert dokumentasjon og dette vil saman bli vurdert opp imot revisjonskriteriene.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktiviteter	Ansvar	Timer	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43
1. Forberede		18																										
1.1. Forundersøkelse	KPMG																											
1.2. Etablere prosjektplan	KPMG																											
1.3. Godkjenning prosjektplan KU	KPMG																											
2. Starte opp		12																										
2.1. Sende oppstartsbrev	KPMG																											
2.2. Oppstartsmøte	KPMG																											
2.3. Dokumentliste	KPMG																											
2.4. Intervjuplan	KPMG																											
3. Gjennomføre		145																										
3.1. Dokumentanalyse	KPMG																											
3.2. Intervjuguide	KPMG																											
3.4. Intervju	KPMG																											
3.5. Analyse	KPMG																											
3.6. Kvalitetssikring	KPMG																											
3.7. Rapportutkast	KPMG																											
4. Rapport		25																										
4.1. Ferdigstille rapportutkast	KPMG																											
4.2. Høring rapportutkast (1-2 u.)	KPMG																											
4.3. Oversending av rapport	KPMG																											
4.4. Presentasjon KU	KPMG																											
		200																										

Aktivitets- og framdriftsplanen viser at arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp i juni, etter at prosjektplanen er vedtatt i kontrollutvalet. I tidsrommet juni til september vil vi samle inn og analysere data. Rapportskriving og høring av rapporten vil skje i i oktober, med levering av endelig rapport til kontrollutvalet sekretariat i forkant av kontrollutvalets møte i november 2017.

3.3 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av følgjande:

- ✓ Senior associate Bjørg Rabbe Sandven vil vere prosjektleiar.
- ✓ Senior associate Lena Davik Fjørtoft vil vere prosjektdeltakar.
- ✓ Director Ole W. Fundingsrud vil vere oppdragsansvarlig.

3.4 Honorar

I samsvar med avtale.



Kontakt oss

Ole Willy Fundingsrud

Direktør

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

Björg Rabbe Sandven

Senior Associate

T +47 99 39 65 83

E bjorg.sandven@kpmg.no

kpmg.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.05.17	14/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.05.17**Vedlegg:**

10. Statusrapport pr. mai 2017
11. Skatteetaten- kontrollrapport 2016 vedk. skattekvjarfunksjonen
12. Komm.styrevedtak 07.03.17, sak 12/17 – oppfølging av rapport «Internkontroll»
13. Komm.styrevedtak 07.03.17, sak 13/17 – forvaltningsrevisjonsrapport – «Kvalitet i opplæringa i skulane»
14. **Svar frå rådmannen – utlån av utstyr, maskinar og kjøretøy i Tysvær kommune**
15. **Brev frå Oddvar Dalva - Industriområdet på Garhaug, dat. 06/08.02, reg. inn 17.02.17**
16. Førebels svar til Dalva (A) og brev til kommunen om uttale (B)
17. Kommunen sin uttale – industriområdet på Garhaug
18. Karmsund Havn IKS – møte i hamnerådet 23.03.17 og ekstraord. møte 02.05.17
19. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 24.04.17
20. Interkommunalt Arkiv (IKA) Rogland IKS - representantskapsmøte 26.04.17
21. Haugaland Vekst IKS – representantskapsmøte 28.04.16
22. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 24.05.17
23. Innkalling til generalforsamling i Haugaland Kraft AS 12.06.17
24. Innkalling til representantskapsmøte i Krisesenter Vest IKS
25. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
26. «Bernt svarer» - Kommunal rapport 24.04.17

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Til sak/pkt 15

Kontrollutvalet er kun pliktig til å handsama saker som kjem frå kommunestyret eller revisor. Når det gjeld andre saker må utvalet sjølv bestemme om saka fell inn under utvalet sine kontroll- og tilsynsoppgåver, og om utvalet ønskjer å prioritere saka¹. Kontrollutvalet må vurdere om saka representerar tilstrekkeleg risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging. Dette inneber også at kontrollutvalet ikkje skal handsame enkeltsaker. Enkeltsaker skal handsamast av det organet som desse høyrer inn under.

Kontrollutvalet har inga mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga². Utvalet kan heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalde organ eller vurdere det hensiktsmessige i dei politiske vedtak. Utvalet skal ikkje brukast som arena for «omkamp» om politiske saker. Kontrollutvalet skal – som nemnt ovanfor - på generelt grunnlag sjå til at kommunen held gjeldande lovar og forskrifter og rettar seg etter vedtak i kommunestyret.

Det er viktig å huske på at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan, og at det difor ikkje handsamar klager på vedtak som har vore til administrativ handsaming.

Privatpersonar kan likevel melde frå til kontrollutvalet om saker, men dei kan ikkje krevje at kontrollutvalet handsamar bestemte saker³. Sjølv om kontrollutvalet ikkje skal handsame enkeltsaker, kan desse likevel nyttast som ein innfallsvinkel til eit saksområde som det er ønskjeleg å undersøka nærare i kommunen.

Det kontrollutvalet kan gjøre, er altså å undersøke henvendingar som kan tyde på svikt i den kommunale sakshandsaminga, eller at kommunen ikkje følger dei lover og retningslinjer som den er underlagt. Fokuset er på systemkontroll.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene nr 10 –26 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval avviser sak frå Oddvar Dalva grunna med at saka ligg utanfor kontrollutvalet sitt mandat

Aksdal, 23.05.17



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

¹

³ Jfr. «Tilsyn og revisjon i kommunal sektor» 2011 av Bråthen, Frydenberg, Rogndokken s 82.



10

Kontrollutvalet i Tysvær

Statusoversikt mai 2017

Rapportar frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
«Økonomistyring»	30.05.17, sak 13/17	200 t.	Utkast prosjekt- plan	Hausten 2017	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandling i KU	Behandling i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Kvalitet på opplæringa i skulane»	08.09.16, sak 17/16	07.02.17, sak 6/17	07.03.17, 13/17	01.12.17	200 t.
Rapporten «Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16	07.03.17, sak 12/17	Ny frist 01.03.18
Selskapskontroll					
Andre saker					
Orientering om <i>personal</i>	09.02.16	23.05.16	-	-	Personalsjef
Orient. om <i>skule</i>	09.02.16	08.09.16	-	-	Skulesjef
TK si <i>eigarstyring</i>	09.02.16	23.05.16	-	-	Økon. sjef
Delegasjonsreglement	23.05.16	07.02.17			
Rutinar, <i>post & arkiv</i>	23.05.16	07.02.17			
Orientering <i>barnehager</i>	09.02.16	15.11.16			Barnehagesjef
Oppfølging av <i>vedtak</i>	23.05.16	15.11.16			
Orientering <i>omsorg</i>	09.02.16	07.02.17			Omsorgssjef
Orientering <i>teknisk</i>	09.02.16	30.05.17			Teknisk sjef

Avslutta prosjekter pr. mai

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16		KPMG AS
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS	09.09.14, sak 19/14	19.05.15, sak 9/15	08.09.15, sak 55/15	KST 27.09.17	Deloitte AS
Andre saker					
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 8/16	21.06.16, sak 40/16	Neste 4 år	KPMG AS
Plan for selskapskontroll 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 9/16	21.06.16, sak 39/16	Neste 4 år	KPMG AS



Skatteetaten

Sakshandsamar
Oddmund Midtbø

Telefon
99 16 62 32

Dykkar dato

Dykkar referanse

Vår dato
15. februar 2017

Vår referanse
2016/68901



Kommunestyret i Tysvær kommune
Postboks 94
5575 Aksdal

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 15.02.17
Journalført: 17/068/Lha
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Tysvær kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om kemnerkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. kemneren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014
0,0*	1,6	2,4

*Haugesund kemnerkontor overtok frå 1. juli 2016 skatteinnkrevinga for Tysvær kommune. Tal årsverk for 2016 vert rapportert felles i kontrollrapporten for Haugesund kommune.

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Se www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr: 991733043

Sentralbord
800 80 000

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Tysvær kommune viser per 31. desember 2016 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 1 097 514 096 og uteståande restansar² på kr 19 609 224, av dette krav stilla på vent kr 48 783. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin kemner 20. januar 2017.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2016 for Tysvær kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2014	30,5	96,7	95,5	95,1	96,3
Arbeidsgjevaravgift 2015	167,4	99,8	99,8	100,0	99,9
Forskotskatt personlege skattytarar 2015	39,5	99,7	99,0	99,7	99,4
Forskotttrekk 2015	313,5	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2015	28,8	99,8	99,8	99,8	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2014	11,5	99,3	99,0	97,7	99,2

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Tysvær kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Haugaland arbeidsgiverkontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2016 viser i følgje kemneren si resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2016	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utført kontroll 2016 region (i %)
346	17	18	5,2 %	5,5 %	5,2	4,6 %

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2016 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 13. – 15. september 2016.

Skattekontoret har i 2016 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at kemneren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkreving*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkreivjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- *Arbeidsgjevarkontroll*


Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar for 2016 verken gjeve pålegg eller tilrådingar, jf. rapport av 22. september 2016.

Venleg helsing


Jan Kåre Strøm
fung. avdelingsdirektør
Skatt vest


Oddmund Midtbø
seniorrådgjevar

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Tysvær kommune
- Kemneren for Tysvær kommune
- Riksrevisjonen



Dato: 13.02.2017
Saksnr.: 2014/2206
Løpenr.: 4599/2017
Arkiv: 217
Sakshandsamar: Liv Jorunn Frønsdal

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - Internkontroll

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 22.05.17
Journalført: 17/2017
Arkivkode: 216

Saksnr	Utval	Møtedato
12/17	Kommunestyret	07.03.2017

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Tysvær kommunestyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Internkontroll» til førebels orientering.
2. Kommunestyret har merka seg at dei påpeika manglane ikkje er retta opp, men at planar for dette er lagt, og at forbetringar er under arbeid.
3. Kommunestyret ber om ny statusrapport blir lagt fram innan 1. mars 2018 via kontrollutvalet.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Liv Jorunn Frønsdal
Leiar politisk sekretariat

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 07.03.2017

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 07.03.2017

1. Tysvær kommunestyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Internkontroll» til førebels orientering.
2. Kommunestyret har merka seg at dei påpeika manglane ikkje er retta opp, men at planar for dette er lagt, og at forbetringar er under arbeid.
3. Kommunestyret ber om ny statusrapport blir lagt fram innan 1. mars 2018 via kontrollutvalet.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Tysvær kontrollutvalet behandla i møte 07.02.17, sak 5/17, oppfølging av rapport om internkontroll. For meir informasjon om kontrollutvalet si behandling av saka viser ein til vedlagt saksutgreiing og protokoll.

Kontrollutvalet sitt vedtak i saka vart følgjande:

1. Tysvær kommunestyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Internkontroll» til førebels orientering.
2. Kommunestyret har merka seg at dei påpeika manglane ikkje er retta opp, men at planar for dette er lagt, og at forbetringar er under arbeid.
3. Kommunestyret ber om ny statusrapport blir lagt fram innan 1. mars 2018 via kontrollutvalet.

Saka vert lagt fram for kommunestyret med kontrollutvalet sitt vedtak som innstilling.

Vedlegg

- 1 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport - Internkontroll
- 2 Sak 5-17 i kontrollutvalet - Oppfølging av rapport - Internkontroll
- 3 Særutskrift sak 5-17 i kontrollutvalet
- 4 Tilbakemelding - oppfølging av rapport interkontroll
- 5 Kvalitetshandbok vedteken



13

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 22.05.17

Journalført: 17/267/4m

Arkivkode: 216

Dato: 13.02.2017

Saksnr.: 2016/1723

Løpenr.: 4602/2017

Arkiv: 217

Sakshandsamar: Liv Jorunn Frønsdal

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - KVALITET I OPPLÆRINGA I SKULANE

Saksnr	Utval	Møtedato
13/17	Kommunestyret	07.03.2017

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane i Tysvær» og tar denne til førebels orientering.

Kommunestyret konstaterer at det blir arbeidd godt innan alle satsingsområda i skulen. Rapporten viser samtidig at det også er forbedringspotensiale innan resultatoppnåing og systematikk.

2. Rapporten blir med dette oversendt til rådmannen for oppfølging i forhold til revisjonen sine tilrådingar, med formål om best mogleg oppnåing av måla som er vedtatt i gjeldande Strategiplan for 2016-2020 og vedtekne mål i forhold til tilstandsrapporten.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan 1. desember 2017.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Liv Jorunn Frønsdal
Leiar politisk sekretariat

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 07.03.2017

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 07.03.2017

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane i Tysvær» og tar denne til førebels orientering.

Kommunestyret konstaterer at det blir arbeidd godt innan alle satsingsområda i skulen. Rapporten viser samtidig at det også er forbedringspotensiale innan resultatoppnåing og systematikk.

2. Rapporten blir med dette oversendt til rådmannen for oppfølging i forhold til revisjonen sine tilrådingar, med formål om best mogleg oppnåing av måla som er vedtatt i gjeldande Strategiplan for 2016-2020 og vedtekne mål i forhold til tilstandsrapporten.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan 1. desember 2017.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Tysvær kontrollutvalet behandla i møte 07.02.17, sak 6/17, oppfølging av rapport om kvalitet i opplæringa i skulane. For meir informasjon om kontrollutvalet si behandling av saka viser ein til vedlagt saksutgreiing og protokoll.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka::

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane i Tysvær» og tar denne til førebels orientering. Kommunestyret konstaterer at det blir arbeidd godt innan alle satsingsområda i skulen. Rapporten viser samtidig at det også er forbettringspotensiale innan resultatoppnåing og systematikk.*
2. *Rapporten blir med dette oversendt til rådmannen for oppfølging i forhold til revisjonen sine tilrådingar, med formål om best mogleg oppnåing av måla som er vedtatt i gjeldande Strategiplan for 2016-2020 og vedtekne mål i forhold til tilstandsrapporten.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan 1. desember 2017.*

Saka vert lagt fram for kommunestyret med kontrollutvalet sitt vedtak som innstilling.

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjonsrapport - Kvalitet i opplæringa i skulane
- 2 Sak 6- 17 i Kontrollutvalet - Forvaltningsrevrapport - kvalitet
- 3 Særutskrift sak 6-17 i Kontrollutvalet
- 4 Rapport - Kvalitet i skulane - 160117



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 Aksdal

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 23.05.17
Journalført: 17/216/eth.
Arkivkode: 216

REGLEMENT FOR UTLÅN AV VERKTØY, MASKINAR OG KJØRETØY I TYSVÆR KOMMUNE

Kontrollutvalet gjorde i møte 15.11.16 slikt vedtak:

*«Tysvær kontrollutval tek personal- og organisasjonssjefen si tilbakemelding og utgreiing om rutinar og praksis for lån av utstyr og maskinar og bruk av bilar og køyrebok for kommunalt tilsette til orientering.
Kontrollutvalet ber vidare om å få oversendt kopi av nytt reglement når dette er ferdig 1. kvartal 2017.»*

Rådmannen har etter drøfting i rådmannsgruppa avgjort at Tysvær kommune sine tilsette ikkje har høve til å låna Tysvær kommune sitt verktøy, maskinar og kjøretøy. Dette blir gjort gjeldande frå 01.06.2017.

Saka har vore drøfta med dei tre største arbeidstakarorganisasjonane; Fagforbundet, DELTA og Utdanningsforbundet. Organisasjonane støttar avgjerda.

Vedlagt er Tysvær kommune sitt reglement (utkast).

Arvid Ståle Vallestad
Rådmann

Kristin Helle
Personal – og organisasjonssjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.

Utlån av Tysvær kommunes utstyr

Hensikt:

Sikre tydelige regler for bruk av kommunens eiendom.

	Utfører ansvarlig: (ansatt, enhetsleder, osv.)	Aktivitet: Utlån av kommunens verktøy, maskiner og kjøretøy til kommunalt ansatte
		Tysvær kommunes verktøy, maskiner og kjøretøy skal ikke lånes ut til kommunens ansatte.

Avvik:

Avvik på denne rutinen skal registreres og behandles i avviksmodulen i RiskManager. Det vil si at feil/svikt blir rettet opp, og at det gjøres endringer for å sikre at tilsvarende avvik ikke skjer igjen.

15

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 17.02.17
Journalført: 17/084/tha
Arkivkode: 216

Oddvar Dalva oddvar.dalva@outlook.com
Kodlekleiv 2
5570 Aksdal

6. februar 2016

Kontrollutvalget i Tysvær kommune
c/o Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57

5575 Aksdal

Industriområdet på Garhaug

Hensikten med dette skriv er å be kontrollutvalget i Tysvær kommune å vurdere mine synspunkter og eventuelt korrigere kommune administrasjonens salg/overdragelse av kommunal eiendom til Imenco, uten at naboer ble varslet og kunne komme med innsigelser. Jeg mener dette er en urettmessig utvidelse av industriområdet i Garhaug.

Etter at Imenco overtok hele industriområdet på Garhaug (som tidligere bestod av tre virksomheter) har kommunens administrasjon solgt/overdratt veien inn til industrifeltet til Imenco.


Dette salget/overdragelsen, som er klart å anse som en utvidelse av industriområdet, ble gjort uten at noen av naboene fikk varsel eller fikk anledning til å uttale seg.

Salget har medført at port inn til industriområdet er flyttet ca 30 meter lengre ut samt at industrigjerde er flyttet på andre siden av veien, nærmere boligfeltet generelt og min eiendom, gnr104/bnr147 spesielt. Se kartutsnitt 1 under. I realiteten er dette en utvidelse av industriområdet. Industriområdet med port og industrigjerde kommer på denne måten seks meter (en veibredde) nærmere undertegnades tomt. Den tidligere plasseringen av porten lå også mye lavere i terrenget og dermed genererte den betydelig mindre støy ved åpning/lukking.

Jeg tillater meg å påstå at det er en klar oppfatning i kommunen, også blant politikere, at kombinasjonen industri boligfelt som på Garhaug ikke var noen ideell løsning. I beskrivelsen ovenfor virker det som om administrasjonen går motsatt vei ved å «snik utvide» industriområdet. Stikk i strid med allmenn oppfatning.

Jeg ber kontrollutvalget vurder lovligheten av at kommunens administrasjon har solgt/overdratt veien inn til industriområdet til Imenco uten at naboer blir varslet og eventuelt komme med korrigeringer til kommunens administrasjon.

Dersom kommunens kontrollutvalg, mot formodning, ikke skulle ha muligheter til å komme med korrigerende tiltak hva er da min klagemulighet?



Kartutsnitt 1 fra Fonnakart.

Opprinnelig port/gjerde: - - - - -
Nytt gjerde/port: - - - - -

Aksdal, 8. februar 2016

Oddvar Dalva

Oddvar Dalva (via e-post oddvar.dalva@outlook.com)

Kodlekleiv 2

5570 AKSDAL

Deres ref.	Deres dato	Vår ref.	Dato
	06.02/17.02.17	17/0086/216/tha	20.02.17

FORELØPIG SVAR OM BREV TIL KONTROLLUTVALGET

Vi viser til ditt brev datert 06.02.17 til kontrollutvalget i Tysvær kommune om utvidelse av industriområdet på Garhaug. Du stiller der spørsmål ved lovligheten av at administrasjonen har solgt/overdratt veien inn til industriområdet uten at naboer er varslet. Brevet er mottatt av sekretariatet og registrert inn den 17.02.17. Kontrollutvalget hadde sitt første møte i 2017 den 07.02.17 og de skal ha sitt neste møte i følge vedtatt møteplan den 30.05.17.

Det er bare kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalget oppgaver. Når det gjelder henvendelser fra andre, må utvalget selv vurdere om utvalget vil behandle henvendelsen eller ikke. Om kontrollutvalget skal behandle en sak, vil være avhengig av om saken ligger innenfor mandatet til kontrollutvalget.

Kontrollutvalget sine oppgaver er omtalt i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner». Utvalgets primæroppgaver er å sørge for at kommunen har en forsvarlig regnskapsrevisjon, at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt andre oppgaver på et overordnet nivå knyttet til systemkontroll.

Kontrollutvalget skal ikke være et klageorgan for enkeltvedtak eller en arena for overprøving av politiske prioriteringer/vedtak som er gjort av kommunalt folkevalgte organ. Utvalget har heller ikke myndighet til å fatte vedtak som binder forvaltningen.

Tysvær kontrollutvalg vil i neste møte den **30.05.17** kl. 18.00 få fremlagt henvendelsen. Utvalget vil i møtet drøfte om saken ligger innenfor deres mandat, og om den skal avvises eller følges opp. Administrasjonen vil før møtet bli bedt om å komme med sitt syn i saken.

Du vil bli orientert om utfallet av saken når endelig vedtak foreligger. Sakskart og protokoller fra utvalgets møter blir lagt ut på våre nettsider www.kontrollutvalgene.no.

Med hilsen

Toril Hallsjø (sign.)

Daglig leder

Kopi: Tysvær kommune v/postmottak

Utvalgsleder Arne Gjerde

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – Postboks 57 – 5575 Aksdal – Tlf.: 52 75 73 50

E-mail: post@kontrollutvalgene.no – Web: www.kontrollutvalgene.no

Tysvær kommune

v/postmottak (via e-postadresse postmottak@tysver.kommune.no)

5575 AKSDAL

Deres ref.

Deres dato

Vår ref.

17/0087/216/tha

Dato

20.02.17

UTTALELSE - BREV TIL KONTROLLUTVALGET OM INDUSTRIOMRÅDET GARHAUG

Sekretariatet viser til vedlagt brev, datert 06.02.17 til kontrollutvalget i Tysvær kommune, om utvidelse av industriområdet på Garhaug. Brevet er mottatt og innregistrert 17.02.17.

Det blir i brevet stilt spørsmål ved lovligheten av at administrasjonen har solgt/overdratt veien inn til industriområdet uten at naboer er varslet.

Tysvær kontrollutvalg vil i neste møte den 30.05.17 kl. 18.00 få fremlagt henvendelsen. Utvalget vil i møtet drøfte om saken ligger innenfor deres mandat, og om den skal avvises eller følges opp.

Administrasjonen blir med dette bedt om å komme med mer fakta og sitt syn i saken.

Sekretariatet vil be om at tilbakemeldingen blir mottatt **innen 15.05.17**, da saken skal forberedes og sakspapirer blir sendt ut en uke før møtet.

Med hilsen

Toril Hallsjø (sign.)

Daglig leder

Kopi: Utvalgsleder Arne Gjerde


Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 AksdalHaugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 16.05.17
Journalført: 17/197/4th
Arkivkode: 216**UTTALE - INDUSTRIOMRÅDET GARHAUG**

Viser til brev fra kontrollutvalgssekretariatet, datert 20.02.17, der det blir vist til skriv fra innbygger som stiller spørsmål ved lovligheten av at kommunen har solgt/overdratt veien inn til industriområdet uten at naboer er varslet. Kontrollutvalgssekretariatet ber kommunen om å komme med flere fakta og sitt syn på saken.

Kjøp/salg av eiendom er en privatrettslig handling og kjøp/salg av eiendom/areal er ikke gjenstand for nabovarsling, eller at kjøper/selger må innhente samtykke fra naboer.

Veiens beliggenhet, og at veien er et fellesareal som eies av de som bruker vegen, er i samsvar med gjeldende reguleringsplan. Eventuelle synspunkter/klager på dette var det anledning til å komme med da reguleringsplanen ble behandlet.

Under er utsnitt av reguleringsplan og tegnforklaring knyttet til reguleringsplanen:



Som det fremgår av kartutsnittet er veg fra gate F (Kophaug) et fellesområde (fellesveg) som går fra den kommunale vegen og fører frem til næringstomtene gnr. 104 bnr. 191,137 og 232. Fellesområdet er i plankartet skravert. Etter Rådmannens syn er det naturlig og ønskelig at en fellesveg blir eid av den(de) vegen er felles for, dette er også i samsvar med reguleringsplanen.

Med hilsen

Arvid S. Vallestad
Rådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krever derfor ingen signatur.